# TOKKE KOMMUNE

## KOMMUNESTYRET

## SITT VEDTAK TIL

## HANDLINGSPROGRAM OG BUDSJETT
## 2021
## ØKONOMIPLAN
## 2021-2024

Kommunestyret sitt vedtak 10.desember 2020

| Kap | Innhaldsliste | side |
|---|---|---|
| 1 | Innleiing frå rådmannen | 3 |
| 2 | Om dokumentet | 5 |
| 3 | Handlingsprogram 2021 -2024 | 5 |
| 4 | Budsjett 2021, økonomiplan 2021– 2024 - Investeringsbudsjettet | 7 |
| 5 | Planområde 1 og 6 | 9 |
| 6 | Planområde 2 | 14 |
| 7 | Planområde 3 | 22 |
| 8 | Planområde 4 | 36 |
| 9 | Kommunale avgifter og brukarbetaling | 45 |
| 10 | Fond og gjeld | 46 |
| 11 | Budsjettvedtak | 46 |
| 12 | Vedlegg | 48 |

# 1. Innleiing

Rådmannen presenterte i budsjettmøtet den 09.09.20 føringar ein legg for budsjettarbeidet på dei ulike planområda.
Føringane som rådmannen har lagt:

***Føring nr. 1:***
Alle nye tiltak må finansierast innan planområda sine rammer.
***Føring nr 2:***
Alle planområde skal vurdere mogelege tiltak for effektivisering
***Føring nr. 3:***
Samarbeid med andre om tenestetilbod

Vidare ville rådmannen vurdere tiltak som kan gjere inntektene til kommunen litt meir føreseieleg.
Ein peika på to område:

- Utjamning av KLP-premieavvik over 7 år
- Sal av konsesjonskraft

For å få jamnare inntekter vil rådmannen tilrå i budsjettet at premieavviket KLP får ei utjamning over 7 år, noko dei fleste kommunane vel.
Vidare tilrår rådmannen at konsesjonskrafta blir selt gjennom konsesjonskraftstyret (KKST), som har fagleg kompetanse med analytikarar som sel krafta på det tidspunktet analysane syner høgst utbytte på salet. Det kan mogleg gje ei høgare inntekt med 6 mill i 2021, som rådmannen tilrår å setje av til bufferfond/disposisjonsfond for å ha til drifta seinare om utbytte av kraftsalet fell. Denne eventuelle meirinntekta er førebels ikkje lagt inn i driftsbudsjettet i tabell 1. I åra som kjem vil ein sikre at tilføring til bufferfondet tilsvarar meirutbyte ved sal gjennom KKST mot sal til spotpris, i motsatt fall vil ein bruke av bufferfondet. Sal av konsesjonskraft kjem i eiga sak.

Budsjettframlegget rådmannen no legg fram har eit netto driftsresultat på 0,9%, noko som er 0,1% høgare enn vedtaket som kommunestyret gjorde i juni.
Innsparingane som rådmannen no legg fram, medfører ei nedbemanning på om lag 7 årsverk.
Det er sagt, både politisk og administrativt, at ingen skal bli sagt opp i ein prosess med nedbemanning.
Tokke kommune er ein stor arbeidsgjevar med mange tilsette, og ei nedbemanning vil skje ved naturleg avgang eller omrokering. Det vil medføre at alle innsparingar ved nedbemanning ikkje kan skje frå 01.01.21, men blir teke gjennom året. Det vil gå fram av dei ulike tiltaka kva tidspunkt nedbemanninga vil gjelde frå, og innsparinga blir berekna deretter.

Ved framlegging av statsbudsjettet blei det varsla ein tilleggsproposisjon som skal kome i november, der ein vurderar overføringar til kommunane for å dekkje utgifter ein har i samband med korona.
Ei tilleggsløyving bør gå til å dekkje konkrete utgifter etatane har knytt til koronasituasjonen.
Fordeling mellom etatane vil soleis måtte skje fortløpande gjennom året.

Rådmannen sitt forslag til budsjett er, så langt administrasjonen ser det, forsvarleg. Det er teke omsyn til vedtak og innspel som har kome gjennom politiske debattar i ulike organ.

Det medfører at rådmannen ikkje føreslår å legge ned Tokke skule Åmdals Verk, då det føreligg eit fleirtalsvedtak i kommunestyret for å oppretthalde drifta frå mai 2020. Det blir gjort trass i sterke faglege argument og vedtak frå 2014 om å legge ned drifta på ein skule med 5 elevar.

Vidare har administrasjonen ved tidlegare budsjetthandsamingar føreslege å innføre eigedomsskatt på hus og hytter. I forslag til statsbudsjett for 2021 er det forslag om å redusere maksimal eigedomsskatt frå 5 til 4 promille.
Inntektene ved innføring av eigedomsskatt, ville kunne vore med å bygge opp fonda i kommunen. Når forslaget tidlegare har blitt avvist, føreslår ein ikkje å innføre eigedomsskatt på bustadar og hytter no.

Tokke kommune må som andre verksemder vere innovative og framtidsretta. Investeringsbudsjettet vil blant anna ha fokus på regulering og utbygging av bustadområde, oppgradering av VA på Hallbjønnsekken, ny barnehage i Høydalsmo og opparbeiding av næringsareal mm – alt er tiltak for å auke aktivitet på etablering i kommunen, hytteutbygging og næringsutvikling.
Rådmannen meiner klart at investeringsbudsjettet avspeglar tiltak som har fokus på vekst på fleire område i kommunen.
Det ligg store utgifter på investering som vil auke lånegjelda og dermed også utgifter til renter og avdrag i tida som kjem. Veksten og utviklinga vil òg ha positive effektar på kommunens inntekter. Samla sett har Tokke kommune ikkje høg lånegjeld pr. innbyggjar.

I investeringsbudsjettet er det lagt inn større investeringar knytt til helse- og omsorgssektoren. Ein bør gjennomføre desse tiltaka i løpet av perioden der Husbanken har gode ordningar for medfinansiering (55/45 %) i bygg for denne sektoren.

Rådmannen syner elles til etatsvis orientering og forklaring blant anna på utfordringar, handlingsplanar, tiltak og innsparingar.
Alle tiltak for å få innsparing er vurdert som fagleg forsvarleg og rette tiltak i ein prosess med innsparing.

Dalen 15.10.20

Finn Arne Askje
Fungerande rådmann

## 2 Om dokumentet

Budsjettdokumentet i Tokke er ein fireårig økonomiplan(ØP) og handlingsprogram (HP) inkludert årsbudsjettet for komande år. Dokumentet er sett saman av budsjettal i økonomiplantabellane (vedlegg i HP) og eit handlingsprogram som fastset overordna mål og satsingsområde, og nokre konkrete mål og tiltak som skal gjennomførast innanfor dei økonomiske rammene. Dette blir det gjennom året rapportert på i kvartalsrapportar. Etter kommunestyret si endelege handsaming blir dokumentet omarbeidd i tråd med endringar som blir vedtekne.

Tokke kommune nyttar ein enkel form for målstyring der det enkelte planområde skal gjera seg nokre få, målbare mål for neste budsjettår som seinare skal kunna rapporterast på i kvartalsrapportane og årsmeldinga.

Rådmannens budsjettframlegg blir fremja i oktober, og politisk handsama i politiske utval fram til endeleg vedtak i kommunestyret i desember. Etter budsjettvedtaket blir Handlingsprogrammet endra slik at det samsvarar med vedtaket.

For at dei folkevalde skal ha eit godt grunnlag for å gjere prioriteringar, inneheld rådmannens framlegg fleire delar:

- framlegg til økonomiplan og handlingsprogram for økonomiplanperioden (4 år) (vedlegg 1)
- med tilhøyrande talbudsjett med rammer for kvart planområde/etat ( tabell 1)
- framlegg til investeringsplan ( tabell 2)
- oversyn over tiltak som rådmannen har tilrådd å opprette eller spare inn, med etatssjefens merknad til konsekvensar ( tabell 3) slik at det politiske arbeidet med prioriteringar av ulike tiltak skal vera lettare å gjennomføre.

## 3 Handlingsprogram 2021 -2024

### OVERORDNA MÅL

I kommuneplanens samfunnsdel er det satt opp denne visjonen for Tokke kommune:

**«Kompetanse, kraft og kultur»**

Hovudmåla for Tokke kommune er definert slik:

- Tokke kommune skal vere ein open, trygg og attraktiv stad i Vest - Telemark for busetjing og næringsetablering.
- Kraft, kompetanse, kultur, landbruk og natur er grunnlaget for vekst og utvikling av Tokke.
- Tokke kommune skal vere ein inkluderande kommune med universell utforming, ein god tenesteleverandør og truverdig forvaltningsmynde.

Desse hovudmåla gjer føringar for retning for fem fokusområde:

- samfunn
- organisasjon/medarbeidar

- økonomi
- brukarar
- interkommunalt samarbeid

## 3.1. Samfunn

- Tokke kommunes livsgrunnlag er næringsliv, landbruk og busetnad, og kommunen skal i samarbeid med aktørane leggje til rette for ein aktiv næringspolitikk, ei styrking av landbruket og ein målretta bustadpolitikk.
- Tokke kommune skal leggje til rette for å ta imot flyktningar etter dei måla kommunestyret hev sett.
- Tokke kommune skal synleggjere dei moglegheitane kommunen har innan reiseliv og utvikle Dalen sine kvalitetar som byliknande sentrum i regionen.

## 3.2 Organisasjon/medarbeidar

- Tokke kommune satsar på å auke kompetansen til dei tilsette.
- Tokke kommune skal vera ein organisasjon prega av endringsvilje og utvikling.
- Tokke kommune skal ha fokus på arbeidsnærvær i alle etatar og ha moderat møteverksemd.

## 3.3. Økonomi

- Tokke kommune har som langsiktig mål å ha eit årleg netto driftsresultat på 3,0%.
- Tokke kommune siktar mot eit disposisjonsfond på minst 10% av driftsinntektene.
- Dei kommunale avgiftene – vatn, avløp/slam, renovasjon og feiing - skal ha full dekningsgrad i høve til utgiftene.

## 3.4. Brukarar

- Tokke kommune nyttar sin faglege kompetanse til å gje rett teneste til rett tid og i rett omfang.
- Tokke kommune skal legge til rette for tidleg innsats i høve til barn og unge.
- Tokke kommune skal ha ei omsorgsteneste prega av kompetanse og ny teknologi.

## 3.5. Interkommunalt samarbeid

- Tokke kommune deltek aktivt i nye interkommunale samarbeidstiltak på dei område dette er tenleg.

# 4 Budsjett 2021, økonomiplan 2021 – 2024

## 4.0 Budsjettarbeidet og den økonomiske situasjonen i Tokke kommune

Som kraftkommune har Tokke vore i ei god økonomisk stilling i høve til dei fleste andre kommunar, men utgifts- og inntektsutviklinga det siste tiåret har gjort at kommunen har måtta gjera store grep for å få økonomien i balanse. Det har vore store variasjonar i inntektene, spesielt kraftinntektene. Dette gjer budsjettarbeidet utfordrande. Løns- og pensjonsutgiftene tek store delar av budsjettet. Disposisjonsfondet er rekna til om lag 26 mill. kr ved utgangen av 2020, som er noko mindre enn måltalet (9% av driftsinntektene), og om lag kr 3,1 mill. mindre enn ved siste årsskiftet. Og sidan mykje av disposisjonsfondet, om lag 12 mill., er bunde opp eller alt disponera til vedtekne føremål så er det bare 13-14 mill. eller 5% som reellt er disponibelt. Fondet bør såleis tilførast tilsvarande ytterlegare midlar.

Rådmannen vil nå også tilrå overgang til 7-års amortisering eller attendebetaling av premieavviket på pensjonspremien frå KLP. Me har nytta 1-års amortisering, som ein kommune av få, men i enkeltår med store negative premieavvik er dette ei utfordring for driftsresultatet i kommunen – ved amortisering over 7 år vil dette jamne seg meir ut

Etter ny kommunelov §14-2 gjeldande frå 01.01.2020 skal kommunane nå vedta meir forpliktande finansielle måltal. Det kan vera dette med gjeldsgrad, eigenfinansiering investering, netto driftsresultat eller storleik på disposisjonsfond. Dette med netto driftsresultat og disposisjonsfond har Tokke alt hatt som måltal i fleire år, og rådmannen tilrår førebels vidareføring av dette.

Nedgang i folketal og endringar i samansetjinga av befolkninga fører til mindre skatteinntekter og rammetilskot frå staten i ØP. Styresmaktene reknar såleis med at Tokke skal kunne drivast med mindre utgifter enn det me gjer i dag. Kommunen må såleis halde fram med arbeidet med å redusere utgiftsnivået og helst bygge opp ein større buffer.

## 4.1 Tekniske føresetnader

Dette framlegget til budsjett for 2021 byggjer på økonomiplanen frå i fjor, naudsynte konsekvensar av endringar gjennom 2020 samt statsbudsjettet for 2021.

Vidare inneheld budsjettframlegget rådmannen sine prioriteringar av utviklingstiltak.

Alle opplysningar er oppdaterte så langt råd er, og blir justert etter endeleg vedtak. Føresetnaden er ein rekneskap for 2020 med overskot eller i balanse. Nedanfor er det gjeve eit oversyn over dei viktigaste tekniske føresetnadene som er gjort .

- Utgiftsauken frå 2020 til 2021, ofte kalla deflatoren, er sett til o% når det gjeld andre driftsutgifter, men 1,4% når det gjeld løner - dette inneber eit innsparingskrav på om lag 1,3% på etatane. Statsbudsjettet nyttar deflator på 2,7%.
- Pensjonspremien for KLP-medlemmar er sett til 15% i 2021. Pensjonspremie på 10,42 % for lærarar i Statens Pensjonskasse - SPK.
- Arbeidsgjevaravgift på 10,6 % - uendra.
- Pristaket for straumprisen blir sett til 37 øre for 2021.

- Ei renteutvikling innafor dei fleste ekspertane sine prognosar. Ei låg rente , men sjølvsagt usikkert på lengre sikt. Låneopptak er utrekna med 1,5% rente.

Det er rekna med utbyte frå VTK AS med kr 2,0 mill. – ei halvering i høve til gjeldande ØP.

## 4.2 Det generelle inntektsgrunnlaget

Skatteinntektene og rammetilskotet, dei såkalla frie inntektene, utgjer kr 160,6 mill. i Tokke for 2021(tabell 1) - dette i samsvar med Telemarksforsking sine utrekningar i samband med framlagt statsbudsjett. Inntektene syner nedgang i ØP til kr 156,9 mill. Dette har samanheng med nedgang i folketalet og samansetjinga av folketalet. Som fylgje av svært låge straumprisar i 2020 er dei budsjetterte inntektene frå konsesjonskraftsalet sett til kr 6 mill. (15 øre), men dette er vanskeleg å budsjettere. Inntektene er sett til kr 10 mill. vidare i ØP(25 øre). Men det er grunn til å budsjettere forsiktig og rådmannen tilrår at eventuelle meirinntekter blir sett på bufferfond eller kraftfond for å motverke variasjonar i kraftinntektene framover. Dette blir då ein del av disposisjonsfonda. Eigedomsskatteinntektene frå kraftverk går truleg noko opp i 2021 som fylgje av auka straumprisar seinare år til og med 2019, til kr 36,8 mill., men det er budsjettert med nedgang til kr 35 mill. i ØP. Men inntektene frå eigedomsskatt er framleis usikre i åra framover etter nye eigedomsskattereglar, auka grunnrenteskatt til staten og moglege nye kraftskattereglar.

Finansutgifter – renter og avdrag - er budsjettert til 9,5 mill. i 2021 og vil som fylgje av store investeringar i ØP auke til kr 13,3 mill. i 2024. Rentenivået er svært lågt, det er nå rekna **1,5% lånerente** i ØP, som i gjeldande ØP, men dette er usikkert og kan såleis vera ein risiko, eller gjeldsfelle, på lengre sikt. Ein auke av renta med 1% vil utgjera om lag kr 2,5 mill. i 2024. Utbyteinntektene er i ØP reduserte til kr 2 mill. frå kr 4 mill. som fylgje av låge kraftprisar.

## 4.3 Investeringsbudsjettet - Handlingsprogram investering 2021-2024

Tokke kommune har i gjeldande ØP vedteke ei rekkje investeringar i perioden 2020-2023. Den vedtekne planen synest nå vera urealistisk ambisiøs – og rådmannen tilrår difor nå ein redusert og vonleg meir realistisk plan, med tanke på økonomien i kommunen og ikkje minst kapasiteten personellmessig. Nye investeringar må i hovudsak lånefinansierast, noko som krev meir kapitalutgifter i driftsbudsjetta frå 2022.

Investeringsplanen inneheld prosjektnummer på investeringsprosjekta og kolonne for ansvarleg planområde/tilvisar. Den inneheld også revidert budsjett for 2020. Alle investeringsprosjekt som er sett opp i 2021 er prioritert. Prioriteringa er sett i parentes etter teksten i fyrste kolonne. Prioritet (1) er prosjekt som er i gang og som må fullførast eller vidareførast i 2021. Prioritet (2) er dei nye prosjekt rådmannen meiner må prioriterast fyrst i 2021, prioritet (3) dei som bør prioriterast i 2021 og prioritet (4) dei som kan prioriterast, men som og kan utsetjast.

Syner elles til tabell 2 og nærare om kvart prosjekt under kvart planområde.

# 5. PLANOMRÅDE 1 OG 6 – SENTRALADMINISTRASJONEN OG FELLES

## 5.1. Økonomi

- Planområde 1 har ei nettoramme for 2021 på kr 27,4 mill. Det er tilført ekstra lønsmidlar for 2021 med kr 270 000, medan ramma er redusera med 170 000 etter kommunestyrevedtaket i juni.
- Planområde 6 er fellesinntektene til kommunen, som rammetilskot frå staten, konsesjonskraftsal, konsesjonsavgifter, skattar, eigedomsskatt frå kraftverk m.m., utbyte og renter.
- Fellesinntektene blir fordela ut og utgjer nettoramma til kvart planområde.

## 5.2. Arbeidsområde og funksjon, årsverk og stillingar

- Planområde 1 har 23,6 årsverk inkl. NAV Vest-Telemark, ordførar og varaordførar.
- Rådmannen er øvste leiar for administrasjonen, alle planområde.
- Ordførar er øvste leiar for kommunen, og er leiar for rådmannen på vegne av kommunestyret.

**Politisk struktur:**

Den politiske strukturen er bygd opp slik at mange kan deltake i politisk arbeid. Det er vedteke i 2020 at ein ikkje skal endre på politisk struktur i kommunen og det betyr at me har same inndeling i utval som tidlegare. Utvala skal ha same ansvarsområde som tidlegare og det er viktig at leiarane i utvala er/held seg orientert om sakene som er aktuelle til handsaming og at administrasjonen er flinke til å orientere om viktige saker.

## 5.3. Utfordringar

Planområde 1 sine utfordringar:

- Økonomisk resultat og økonomistyring
- Organisasjonsutvikling, leiaropplæring og -utvikling
- Utvikling og finansiering av nye teknologiske løysingar

**ØKONOMIAVD.**

Det er i 2020 rekruttert ein ny medarbeidar i samband med pensjoneringar i oktober og mars-2021, og det er inngått avtale med Fyresdal kommune om samarbeid om lønskøyring. Skatteoppkrevjarfunksjonen blir overført frå kommune til stat 01.11.20. Arbeidsoppgåvene kring skatt forsvinn, men kommunal innkrevjing held fram og andre og nye oppgåver kjem til. Vonleg kan avdelinga yte meir hjelp til etatane. Stadig nye og oppgradering av ikt- løysingar og –modular krev mykje av medarbeidarane.

**NAV**

NAV Vest-Telemark med Tokke kommune som vertskommune vart etablera frå 010120. Vest-Telemark kommunane har inngått § 20 samarbeid og skal ha felles NAV kontor for alle 6 kommunane lokalisera på Dalen. NAV tenestene vert og tilgjengeleg i dei andre kommunane.
Det nye NAV Vest-Telemark har lokale i Sentrumsbygg på Dalen.

Målbildet til NAV Vestfold og Telemark er :

1. Vi møter mennesker med respekt og tillit.
2. Vi er en inkluderende og attraktiv arbeidsplass.
3. Vi gjør hverandre til modige, selvstendige og kunnskapsrike medarbeidere.
4. Vi er en synlig samarbeidspartner og setter aktuelle behov på dagsorden..

Det er dette målbildet me bygger det nye NAV kontoret etter.

Det er til saman 30 medarbeidarar som vart tilsett i NAV Vest-Telemark frå 010120. Av desse blir 14 (11,1 årsverk inkl prosjektstilling) tilsett i Tokke kommune. Resten er statleg tilsett.

Kommunane i Vest-Telemark ynskjer å:
Leggje tilhøva til rette for eit kostnadseffektivt og nyskapande tenesteområde.
Leggje tilhøva til rette for eit likeverdig samarbeid mellom deltakarkommunane.

Målet med å etablere eit interkommunalt NAV-tenesteområde er:
Felles NAV-tenesteområde har til føremål å styrkje kompetansen innan forvaltningstenesta til det beste for brukarane. Eit større og meir robust fagmiljø skal føre til:

1. Ei ope og tilgjengeleg teneste for brukarar og samarbeidspartnarar
2. Betre tenester for brukarane i regionen
3. Fleire i arbeid og færre på stønad
4. Auka habilitet og rettstryggleik i sakshandsaminga
5. Sikre einskapleg forvaltningspraksis
6. Meir effektiv og stabil drift

Eit interkommunalt NAV-tenesteområde mel i tillegg vera med på å

- betre kvaliteten på tenestene for brukarane i regionen
- oppnå ein betre kostnadseffektimetet for kommunane og samfunnet elles

Det er gjort vedtak i alle kommunane i Vest-Telemark der dei delegerer følgjande mynde til rådmannen og medare til rådmannen i vertskommunen:
1. Mynde til å leie og administrere den mynda og dei oppgåvene som kommunane er gjevne i arbeids- og velferdsforvaltninga, heimla i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga kapittel 2 § 3.
2. Mynde til å gjere vedtak om tildeling av kommunale tenester heimla i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 17 *Opplysning, råd og rettleiing*
3. Mynde til å gjere vedtak om tildeling av kommunale tenester heimla i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 18 *Stønad til livsopphold.*
4. Mynde til å gjere vedtak om tildeling av kommunale tenester heimla i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 19 *Stønad i særlege tilfelle.*
5. Mynde til å gjere vedtak om bruk av vilkår for tildeling av økonomisk stønad heimla i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 20 *Bruk av vilkår.*
6. Mynde til å gjere vedtak om tildeling av kommunale tenester heimla i Lov om sosiale

tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 27 *Midlertidig botilbud.*
*7.* Mynde til å gjere vedtak om tilbakebetaling av økonomiske ytingar heimla i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 23 *Følgen av at det er gitt uriktige opplysninger.*
8. Mynde til å gjere vedtak om inndriving av utbetalte økonomiske ytingar heimla i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 23 *Følgen av at det er gitt uriktige opplysninger* og § 24 *inndrivelse av lån og andre former for dekning.*
9. Mynde til å gjere vedtak om og til utarbeiding av individuell plan for brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester heimla i Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 28 *Rett til individuell plan.*
10. Mynde til å gjere vedtak som underinstans i klagesaker som ikkje er av prinsipiell tyding, og i klagesaker der vedtaket er heimla i Lov om sosiale tenester i arbeids- velferdsforvaltninga § 15, § 18, § 19, § 20, § 23 og § 24
*11.* Mynde til å gjere vedtak om tildeling av kommunale tenester heimla i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 29 *Kvalifiseringsprogram, §* 30 *Kvalifiseringsprogrammets innhold, §* 31 *Iverksetting av programmet* og § 32 *Programmets varighet*
12. Mynde til å gjere vedtak om utlevering av opplysningar til fylkesmannen.
13. Mynde til å utføre rapportering til SSB og årleg KOSTRA-rapportering.
14. Mynde til å utarbeide verksemdsplan, budsjett, tertialrapportar og årsmelding.
15. Andre oppgåver som kan leggjast til denne avtala.

Hovudmålsetting NAV Vest –Telemark i 2021 vert å vidareutvikle det nye NAV kontoret i tråd med målsettinga til beste for våre brukerar og tilsette i heile området.
Me vil i 2021 mest truleg bli påverka av den pandemien me står i. Det gjer at me vil vere noko mindre tilstades ute i samarbeidskommunane for dropp inn. Planlagde samtalar og møte med brukarane og arbeidsgjeverane går som vanleg. Me har kome langt når det gjeld digitale tenester og det skal me vidareutvikle i 2021.
Me reknar med at det vil vere noko høgare arbeidsløyse , nokon fleire som treng sosiale tenester og noko auka sjukefråver i 2021.
NAV Vest-Telemark har fått midlar tilsvarande 50% stilling til å utvikle sosialtenester i området 2020. Det arbeidet har fyrst kome i gang i august 2020 og vil bli vidareført 1.halvår 2021. Me prioriterar å utvikle ei kvalitetshandbok for kommunale tenester i Vest-Telemark , arbeide med å få på plass gode samarbeidsavtaler med kommunane når det gjeld tilgang på krisebustadar.
Me skal ha stort fokus på HMS for å trygge medarbeidarane i møte med brukarane og har som målsetjing av me ikkje skal ha arbeidsrelatera sjukefråver.

**IKT**

2021 mel bli fyrste året der VTDS er tilnærma i normal drift og ikkje omlegging/etablering. Det er ikkje varsla Vest-Telemark Driftsenter- endringar i *store* fagsystem for 2021. Heller ikkje kjøp av nye løysingar. Dette er tatt omsyn til i driftsbudsjettet.

***Utfordringar i 2021***

Gjeldande avtale med Microsoft kostar årleg 509 000. Dette må budsjetterast av kommunen utanom drifta til VTDS.

***Investering***

På tre år har datalagring og databruk auka og endra seg. Dette medfører at datasenter treng utviding av lagring og minne. Investering på IKT 2021 blir dekt av investeringsramma.

**Investeringskostnader for 2021 oppsummert:**

| Prosjekt | Kostnad |
|---|---|
| Utviding Datalagring og minne Datasenter | 275.000,- |

**Tokke Kyrkjelege Fellesråd**

Høyrer inn under planområde 1 då kommunen er ansvarleg for tilskot til drift, vedlikehald, forvaltning og investeringar jf. kyrkjelova § 15 og gravferdslova § 3.

Fellesrådet er pliktig etter lova å syte for ressursar til forvaltning og administrasjon av sokneråda og fellesrådet si verksemd. Kommunens overføring til fellesrådet skal gje fellesrådet høve til at lovpålagte oppgåver vert dekt, i tillegg kan kommunal tenesteyting koma inn i staden for særskilt tilskot. Kommunal tenesteytingsavtale er frå 1999 og det er naudsynt med revidering av tenesteytingsavtalen.

Kyrkjeleg verksemd i Tokke er svært desentralisert og difor kostnadskrevjande, med 5 kyrkjer og gravplasser, samt teknisk lager for kyrkjegardsdrifta på Vistad og kyrkjekontor på kommunehuset.

Det er lagt inn ein auke på 1,4%, samt ein ekstraordnær auke av ramme grunna ny revisjonsavtale mellom kommunen og Vestfold og Telemark kommunerevisjon IKS, totalt kr. 4.096.000

Drift 2021

Tiltak 1 og 2. Fellesrådet ber om ein ytterlegare auke i driftsramma med  kr. 100.000 knytt til Eidsborg Stavkyrkje. Dette for å sikre vidare enkelt vedlikehald av stavkyrkja. Kr. 25.000 er tenkt nytta til å kjøpe tenester av Tokke brannvesen som assisterande tilsynshavar. Dette for å sikre at stavkyrkja har tilsyn kvar veke av personell som har kompetanse knytt til dei ekstraordinære sikringstiltaka og ustyret som gjeld for dette unike bygget.

Tiltak 3. Fellesrådet ber om ein auke av driftsramme kr. 42.000 til demokratiutgifter soknerådsarbeid. Dette for å gje sokneråd og leiarar av sokneråd ein symbolsk sum for å skjøtte verva som kyrkjelege folkevalde (kr. 188 pr. møte og kr. 7.500 for honorar leiarar).

Tiltak 4. Fellesrådet ber om ein auke av driftsramma med kr. 48.000 knytt til vintervedlikehald kyrkjelege anlegg. Dei nye avtalane for perioden 2021-2025 er dyrare enn tidlegare avtalar, mellom anna av di at frå og med vinteren 2021 må fellesrådet betale for strøing.

Innsparingstiltak

Fellesrådet vidareførar inga budsjettmidlar til sjukevikar, ferievikar og overtid for 2021, samt at organiststilling 35% vert halden vakant også i 2021. Om lag 50% av all aktivitet vert planlagt gjennomført med bruk av enkeltvikarar frå gong til gong. Vidareføringa av vakant organiststilling er

berekna å gje ein innsparing kr. 87.000, knytt til tariffavtaler (ubunden tid) og at vikarar frå gong til gong nyttar mindre tid knytt til administrasjon og møteverksemd enn ein tilsett i fast stilling.

Investeringar 2021

Fellesrådet ynskjer å flytte kr. 2.000.000 frå 2021 til 2022, totalt kr. 3.900.000 for å betre sikre finansiering av driftsbygg Mo kyrkjegard i 2023 jf. vedteken økonomiplan.

Fellesrådet ynskjer å overføre unytta midlar 2020 kr. 889.000 til 2021 og nytte midlane slik:
1. HC- inngang Lårdal kyrkje kr. 400.000
2. Rehabilitering av tak prestestova Eidsborg kr. 489.000.

Fellesrådet tilrår at investeringsmidlar i 2023 og 2024 vidareførast jf. økonomiplan, med nye kr. 500.000 i 2025.

## 5.4. Mål i handlingsprogramperioden

| **Handlingsprogram - Planområde 1 og felles – Sentraladministrasjonen** | | |
|---|---|---|
| **Mål nr.** | **Utfordring og tiltak** | **Mål** |
| 5.4. 1. | **Utvikling av innkjøpssamarbeid med Midt- og Vest Telemark.** | Få på plass innkjøpsavtaler med prioritet til telefoni, næringsmidlar og lærebøkar. |
| 5.4.2. | **Kompetanse om økonomi**<br>Forvaltningsrevisjonsrapport om økonomistyring påpeikar m.a. tilstrekkeleg kompetanse innan budsjettering og budsjettstyring. Kommunen skal sørgje for at det blir arrangert kurs til alle i leiinga. | Meir kompetanse og tryggleik når det gjeld budsjettering og økonomistyring. Medvitne om kva økonomiansvar inneber. |
| 5.4.3 | **Compilo/Surway**<br>GDPR- modul | Behandlingsprotokollar på plass i 2021. |
| 5.4.4 | **Beredskapsøving i Tokke kommune** | Gjennomføre beredskapsøving – jf forskrift om kommunal beredskapsplikt § 7. |
| 5.4.5 | **Vassforvaltningsplan for Vestfold og Telemark** | Vassforvaltningsplan for perioden 2021-2026 handsama av kommunestyret |

# 6 Planområde 2 Oppvekst, kultur og idrett

## 6.1 Økonomi

Planområde 2 har ei nettoramme for 2021 på kr 70,7 mill. Etaten er tilført kr 950 000 i nye lønsmidlar, men fekk også redusera ramma med kr 2,3 mill. i kommunestyrevedtaket i juni. I tabell 3 er ramma redusera ytterlegare med kr 780 000 i 2021 og nye kr 190 000 i 2022.

Etaten har store faste utgifter på kulturområdet, som gjer at utgifter til kultur pr. innbyggjar vert høg. Å samanlikne utgiftene til kultur mellom kommunane er vanskeleg. Det er alt kva som blir lagt inn i KOSTRA registreringa.
Det er over 2,3 mill. som er bundne opp i faste kostnader på kulturområdet i Tokke.

| | Tokke | Vinje | Seljord | Nissedal | Kviteseid | Fyresdal | Kostra gr 3 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Besøk i folkebibliotek pr. innbyggjar (antal)** | 9,0 | 2,1 | 6,0 | 1,2 | 3,2 | 4,4 | 4,0 |
| **Utlån pr. innbyggjar** | 6,8 | 3,6 | 5,9 | 2,8 | 2,0 | 8,9 | 2,84 |
| | | | | | | | |
| **Besøk pr. kino framsyning (antal)** | 30,5 | 36,3 | 50,9 | 22,3 | 21,4 | 29,5 | 22,9 |
| | | | | | | | |
| **Barn 6-15 som er i kulturskulen (%)** | 57,7 | 36,5 | 26,9 | 29,4 | 27,2 | 31,5 | 22,4 |
| | | | | | | | |
| **Netto driftsutgifter til kultursektoren pr. innbyggjar** | 8 808 | 7 476 | 3 334 | 2 785 | 3 193 | 6 191 | 3 590 |

*SSB: KOSTRA 2019*

Folkebiblioteket i Tokke har eit flott besøkstal og driv økonomisk effektivt, især om ein ser det med omsyn til det store besøkstalet. Vest-Telemark vidaregåande skule dekker ei 50% stilling på biblioteket.

I kulturskulen er talet langt over alle kommunane i Vest-Telemark og kostragruppe 3 i antal born i aldersgruppa 6-15 år som nyttar seg av tilbodet.

Besøkstalet på kinoen har vore bra, men me slit meir med besøkstalet på andre kulturaktivitetar som til dømes teater.

**Nokre viktige økonomiske nøkkeltal for barnehagen:**

| | Tokke | Vinje | Seljord | Nissedal | Kviteseid | Fyresdal | Kostra gr 3 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Netto driftsutgifter pr barn i aldersgruppa 1-5 år** | 280 951 | 243 186 | 217 267 | 279 447 | 161 583 | 202 591 | 182 777 |
| **Netto driftsutgifter i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter** | 10,7 | 14,6 | 12,2 | 14,9 | 9,2 | 7,4 | 11 |

*SSB: KOSTRA 2019*

Einingskostnadene i barnehagen er forventa å gå ned etter vedtak om nedlegging av Dalen barnehage Åmdals Verk og Høydalsmo barnehage Lårdal. Det vil fyrst slå ut i kostra-tal for 2020, og for fullt i 2021.

Netto driftsutgifter av kommunens budsjett brukt til barnehage er nær tilsvarande kostragruppe 3.

**Nokre viktige økonomiske nøkkeltal for grunnskulen:**

| | Tokke | Vinje | Seljord | Nissedal | Kviteseid | Fyresdal | Kostra gr 3 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Netto driftsutg. pr elev** | 162 299 | 175 966 | 135 483 | 180 702 | 153 841 | 197 753 | 160 216 |
| **Elevar med spesialundervising** | 5,4 | 7,9 | 9,5 | 6,7 | 9,6 | 9,1 | 9,1 |
| **Årstimar til spesialundervising pr. elev** | 182 | 64 | 205 | 232 | 219 | 258 | 164 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Netto driftsutgifter grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samla netto driftsutgifter (prosent)** | 19,9 | 22,7 | 22,9 | 24,3 | 19,3 | 27,2 | 22,1 |

*SSB: KOSTRA 2019*

***Samla vurdering***

Tokke har etter forholda ikkje dyr drift av grunnskulen. Me ligg nær beløpet som er for drift av grunnskule i kostra gr. 3, og det er berre Kviteseid som brukar mindre på skule av kommunen sitt totale budsjett.

Bemanninga i grunnskulen har vore redusert med mange årsverk (5-6) gjennom fleire omgangar frå 2011/2012.

Tokkeskulen har kostnadseffektiv drift og ein bør vere varsam med å redusere talet på årsverk. Derfor blir det nå berre føreslått ei innsparing med 50% frå 01.08.21.

## 6.2 Arbeidsområde og funksjon, årsverk og stillingar

| | |
|---|---|
| Årsverk i planområde 2 pr 01.10.19: | 91,21 |
| Årsverk i planområde 2 pr. 01.10.20: | 89,01 |
| Reduksjon | 2,2 |

Ramma pr 01.01.20 var 92,21. 1,0 vert betalt av annan kommune. Dalen barnehage Åmdals Verk har gått ned med 2,0. Høydalsmo barnehage har gått ned med 0,4. 0,2 er tilførte oppgåver frå NAV. Totalt pr 01.10.20 vert dette 89,01 årsverk.

## 6.3 Utfordringar

Planområde 2 sine utfordringar:

**Personalsituasjon:**

Oppvekstsektoren har gjennom lovgjevinga dei siste åra blitt sterkt styrt på minimumsbemanning og utdanningskrav. Me har nokre fag i grunnskulen der me ikkje har nødvendig fagkompetanse som lovverket krev. Ein må derfor halde fram satsinga med å nytte seg av kompetanseheving der staten finansierar store delar av utgiftene.

Me stettar krava til kompetanse i barnehagen, men ikkje fullt ut målet om to pedagogar pr. avd. Det er fleire pedagogar som nærmar seg pensjon, ved ei nedbemanning vil det mogelegvis ikkje bli rekruttering av nytilsette. Resultatet kan bli at ein får reduksjon i forholdstalet med assistent/fagarbeidar og pedagogisk personale.

**Bibliotek:**
Hovudbiblioteket fekk etablera system for sjølvbetening og utvida opningstidene i 2019. Det har vore populært og me fekk ei fin auke i besøkstal. Ein ynskjer å utvikle Høydalsmo filial og gjere biblioteket der meir tilgjengeleg ved å etablere tilsvarande løysing for sjølvbetening. I 2020 har heile samlinga ved filialen blitt merka med RFID-brikker, slik at ein allereie har gjort mykje av arbeidet for å kunne realisere meiropent og utlån via automat. Ei meir brukarvenleg og fleksibel utlånsløysing vil vere nyttig for skulen og barnehagen i Høydalsmo. (Tiltaket ligg i investeringsbudsjettet).

Eit godt skulebibliotek som er integrert i undervisinga blir sett som viktig for det totale læringsutbyttet til elevane. Tokke bibliotek ynskjer å halde fram med ei særskild prioritering av tilbodet til barn og unge og vektleggje rolla som skulebibliotek (grunnskule og vgs). Ein må jobbe vidare for å få eit endå tettare samarbeid med skule og lærarar.

Biblioteket har gode erfaringar med samarbeid med lag/foreiningar, vaksenopplæringa, ungdomsklubben og Vest-Telemark Museum. Ein ynskjer å halde fram med ei slik arbeidsform, der aktivitet og arrangement blir til i partnarskap med andre i lokalsamfunnet. Biblioteket samarbeider med nystarta Tokke Seniornett om opplæring innan digital kompetanse. Det viser seg at datakafé på Frivilligsentralen er eit populært tilbod, og me ynskjer å støtte opp under dette lågterskel-tiltaket.

Restriksjonar i samband med covid- 19 gjer det utfordrande også for drifta av biblioteket. Ein har justert tilgang og tenester, har skalert ned arrangement og det er tydeleg at særleg eldre er meir forsiktige med å kome. Biblioteket har fokusert meir på digital formidling og prøver ut nye ting. Hausten 2020 vart eigen vlogg på youtube lansert, dette er retta mot barn og unge og er eit tiltak ein ynskjer å vidareføre.

**Barnehage og skule:**
Etter leikeplasskontroll er dei mest alvorlege forholda utbetra, men det er framleis trong for utbetring av fleire avvik som ikkje er karakterisert som alvorlege.

**Skule:**
Begge skulane har fått avvik på ventilasjon. Det er trong for utbetring av ventilasjonsanlegget på begge skulane.
Leiing, tilsette og verneapparatet ser ventilasjon som viktigare enn heis i Høydalsmo. Ein må heller vurdere heis om det skulle bli trong for det.
Spesialrom (formingsrom) på begge skulane treng opprusting og vedlikehald.

**Barnehage, skule og kulturskule:**

- minimumsbemanning – lovkrav både i barnehage og skule (pt. innanfor både i bhg og skule)
- utdanningskrav i grunnskulen (basisfaga) – me har pt. ikkje nok fagkompetanse til å tilfredsstille nye utdanningskrav. Det vil vere trong for at fleire lærerar nyttar seg av statlege ordningar med vidareutdanning
- Kulturskulen arbeider med å ferdigstille lokale læreplanar
- Fagfornying i skulen
- Innfasing av nye bestemmingar i barnehagelova §§ 41-43

**Høydalsmo barnehage:**
Planarbeidet og prosjektering av ny barnehage i Høydalsmo er påbyrja og alle ser fram til ein ny barnehage i Høydalsmo står ferdig.
Om bygging skal ta til i medio 2021 må anbodsdokumenta vere ferdig til februar.
I byggeperioden vil barnehagen bli flytt til Lårdal. Det er ikkje avklart om det er kapasitet på areal som det er krav om for å flytte alle aldersgrupper. Det må ein kome attende til seinare.

**Flyktningteneste og vaksenopplæring:**
Tokke kommune har ikkje blitt oppmoda om busetjing av flyktningar sidan 2017. Flyktningtenesta og vaksenopplæringa vart difor avvikla i august 2020. Eit årsverk i vaksenopplæringa brukast f.o.m hausten 2020 i eit samarbeidsprosjekt med Vest-Telemark vidaregåande skule for å auke minoritetsspråklege elevar sin moglegheit for å lukkast med å få fagbrev i helse- og oppvekstfag. Kommunestyret sitt vedtak om å ta imot ytterlegare 25 flyktningar frå 2020 og i åra frametter står ved lag. Ved mottak av nye flyktningar vil ein trenge meir personellressursar og kompetanse.

**Ungdomsklubben:**
Ungdomsklubben er open tre gonger i veka, to gonger for ungdomskulen og ei gong for vidaregåande elevar. Det er fyrste sesong vidaregåande skule har ein separat dag (grunna covid-19). Dette fungerar bra. Det blir kun ope nede på klubben i haust. Det har vore lite drift av paintballanlegget i sommar pga. stor vassføring i Tokkeåi og covid-19. Det gamle skateanlegget er rive, og ny grunn er opparbeidd. Det er utarbeida nye teikningar og bestilling av nytt anlegg. Det jobbast med å skaffe midlar til resten av grunnarbeidet og forhåpentlegvis kjem spelemidlar til våren.
Situasjonen rundt covid-19 og bemanning ved sjukdom byr på utfordringar. Ein har to vikarar som brukast. Ein forsøker å finne løysing på LAN- party på kulturhuset i november, men det blir ikkje rusfritt arrangement i 2021 pga. covid-19.

**BTI:**
BTI er finansiert av eksterne midlar frå Bufdir. Ein vil til 2021 søke om å få eksterne midlar for å kunne implementere BTI-modellen i kommunen. Det vil truleg vere uvisst om ein får innvilga denne søknaden i fyrste kvartal av 2021. Det er mogleg at ein kan bruke ubrukte midlar frå 2020 i fyrste del av 2021. Om ein ikkje får tilslag på nye midlar må prosjektet finansierast av kommunen. Dette kan gå ut over aktiviteten.

**Ferie- og fritidsaktivitetar for barn og unge:**
I familiar med låg inntekt kan det vere utfordrande å prioritere ferie og fritidsaktivitetar for barn og unge. Resultatet kan då bli at barna ikkje får dei opplevingane, positive mestringsarenaene og inkluderingsarenaene som er ynskjeleg. I ein ytterlegare konsekvens kan det føre til utanforskap og marginalisering.

Kommunen søker eksterne midlar for å skipe til ferieaktivitet for ungdom. Tilbodet rettar seg primært mot ungdom frå låginntektsfamiliar. Nokre av desse familiane har lite rom for å reise på ferie og liknande. Vår geografiske plassering gjer at familiane gjerne må bruke mykje pengar på transport. Dette kan auke terskelen for at ein har moglegheit til å nytte ferien til å få nye impulsar og gode opplevingar. Tilbodet går ut til alle for å hindre stigmatisering. Kommunen må stille med 20 % eigenkapital.

I tillegg arbeider kommunen med moglegheiter for å innføre fritidskort. Dette vil kunne bidra til å lette økonomiske utfordringar familiar har ved fritidsaktivitetar.

**Styrketreningsrom i Høydalsmo:**
Det er ynskjeleg å opprette eit styrketreningsrom i Høydalsmo. Dette vil vere i samarbeid med Høydalsmo Idrottslag og eitt eller to andre lokale lag/foreiningar. Prosjektplan vert utarbeida. Finansiering vil vere etter modell av Tokkegym. Ein søkjer eksterne midlar, samt at kommunen truleg må forskottere noko som etter planen vert dekt etter kvart ved sal av treningskort.

## 6.4 Mål i handlingsprogramperioden

| **Handlingsprogram - Planområde 2** | | |
|---|---|---|
| **Mål nr.** | **Utfordring og tiltak** | **Mål** |
| 6.4.1 | **Utviklingsarbeid i bibliotek, barnehage og skule** | Fagfornying – skulen får nye læreplanar frå hausten 2020 og det blir mykje utviklingsarbeid knytt til dette også i 2021. |
| | | MOT i skulen og skulen som samfunnsbyggar |
| | | IBSM |
| | | Tidleg innsats i barnehagen og inkludering |
| | | Kunnskap om tilknyttingsstrategiar og utviklingspsykologi |
| | | Innfasing av barnehagelova §§ 41-43 |
| | | BTI- Implementering av modell. Sikre gode rutiner ved uro for barn og unge. Aktuell kompetanseheving i bhg og skule på bakgrunn av BTI-undersøkinga |
| | | Biblioteket: Utvikle ny vlogg og prøve ut anna digital formidling. |
| 6.4.2 | **«Aktiv og synleg kulturskule»** Tokke kulturskule skal bli ein viktig ressurs og kompetansesenter for kultur. | Ferdigstille lokale læreplanar ut frå kulturskulens nasjonale rammeplanar |
| | | Leggje til rette for utveksling av kunnskap og ressursar med grannekommunanes kulturskular – kontinuerleg arbeid |
| | | Auka samarbeid med elevrådet på skulane og ungdomsrådet – aktiv deltaking frå rektor |
| 6.4.3 | **Formell kompetanseauking** | *Barnehagen:* Kompetanseauking med fokus på det pedagogiske tilbodet, særskilt inn mot to område – inkluderande barnehage. Jf. kompetanseplan |
| | | *Skulen:* sikre naudsynt kompetanse i basisfaga, som stettar lovkrav.<br>Fagfornying vil kunne medføre auka kompetansebehov. |
| | | *Kultur og administrasjon:* Ein legg til rette for kompetanseauking som er relevant for stillingane. |
| | | *Kulturskule:* Pedagogisk kompetanse |
| 6.4.4 | **Planarbeid** | Ferdigstille barne og ungdomsplanen |
| | | Ferdigstille idrett- og friluftsplanen |
| | | Ferdigstille nye utviklingsmål (visjon) for barnehagen |

| | | |
|---|---|---|
| | | Ferdigstille nye utviklingsmål (visjon) for skule |
| | | Fullføre fritidserklæring |
| | | Starte opp arbeidet med plan for kultur og frivillig arbeid |
| | | Plan for vidare bruk av BTI |
| 6.4.5 | **Bibliotek** | Prioritere formidling og tilbod til barn og unge. Samarbeide tett med skulane. Arrangere fleire lesestunder og bokprat for klasser og barnehage. Halde fram satsinga på Sommarles. |
| | | Samarbeide med Tokke Seniornett om opplæring i grunnleggjande digital kompetanse og datahjelp ved behov. |
| 6.4.6 | **Kulturhuset** | Utover Bygdekinoen, Teater Ibsen, Folkeakademiet og biblioteket sine arrangement vil ein forsøke å ha åtte tilstellingar i året. Covid-19-situasjonen vil ha innverknad på om ein lukkast med å nå dette målet. |
| 6.4.7 | **Ferieaktivitetar for å inkludere barn og unge** | Vidareføring i 2021.<br>Fritidskort |
| 6.4.8 | **BTI** | Implementere og kunnskapsheving |
| 6.4.9 | **Ungdomsklubben** | Ferdigstille skateparken |
| 6.4.10 | **Bookingsystem** | Tokkenett |

## Tokke skule Åmdals Verk:

| | 2018/2019 | 2019/2020 | 2020/2021 | 2021/2022 |
|---|---|---|---|---|
| **Elevar** | 11 | 9 | 7 | 5 |

Tokke skule Åmdals Verk skulle i fylgje kommunestyrets vedtak vore mellombels lagt ned skuleåret 2019/2020. Kommande skuleår 2021/2022 er det 5 elevar fordelt på 1. – 4. klasse ved Tokke skule Åmdals Verk. Kommunestyret vedtok i sak 14/13, pkt. B:

> ***Dersom barnetalet på ein skule i elevprognosa hausten før skulestart er på 10 elevar eller mindre på ein 1-4 skule over 2 år, vert skulen lagt ned.***

I utgangspunktet ville ein ha foreslått å leggje ned Tokke skule Åmdals Verk. Men då det føreligg eit fleirtalsvedtak i kommunestyret for å oppretthalde drifta frå mai 2020, vert det ikkje gjort no. Det er sterke økonomiske og pedagogiske grunnar for å leggje ned ein skule med 5 elevar. Problemstillinga er drøfta med fagforeiningane.

Dei kjem med fylgjande uttale:

*«Utdanningsforbundet Tokke og Fagforbundet Tokke forheld seg til det opprinnelege vedtaket i sak 14/13 i kommunestyret. Me meiner at det ikkje er pedagogisk forsvarleg å drive ein skule med så lite elevgrunnlag. I tillegg er det økonomisk uansvarleg i høve til den stramme økonomiske situasjonen me er inne i no. Me ynskjer skule på Åmdals Verk når det er elevgrunnlag».*

**Dalen barnehage:**

| | 2018/2019 | 2019/2020 | 2020/2021 |
|---|---|---|---|
| Barn | 48 | 43 | 48 |
| Tal på plassar pr. 01.08 | 66 | 69 | 65 |

**Høydalsmo barnehage:**

| | 2018/2019 | 2019/2020 | 2020/2021 |
|---|---|---|---|
| Barn | 25 | 24 | 19 |
| Tal på plassar pr. 01.08 | 37 | 31 | 25 |

## 6.5 Investering:

**«MEIROPE» - bibliotek i Høydalsmo:**

*Bakgrunn:*

- Gjere Høydalsmo bibliotek meir tilgjengeleg for innbyggjarane. Høydalsmo bibliotek har berre ope ein kveld pr. veke, biblioteket er godt besøkt og det er høgt utlån. Med meiropent bibliotek i Høydalsmo kan opningstida aukast betrakteleg
- Same merkesystem på hovudbiblioteket og Høydalsmo (RFID)
- Meir fleksibel og brukarvenleg utlånsløysing i Høydalsmo, særleg nyttig for skule og barnehage.

*Kva ligg i løysinga?*

- Alarmmerking/alarmportal (RFID)
- Stasjon for sjølvbetening (utlånsautomat)
- Overvakingskamera(er)
- PC/programvare som styrer løysinga

**Kostnad: kr 150 000**

**Lydisolerte rom på Tokke bibliotek/ kulturhus:**

Tokke kulturhus har mange ulike brukargrupper og skal dekke mange behov og funksjonar. Det er etterspurnad etter møterom og ofte fullt. Kulturskulen må bruke møterom til undervising utover dagen. Musikkundervisinga til Tokke skule treng gjerne fleire mindre rom til grupper og det er problem med støy for andre brukarar. Det er kome melding om avvik frå skulen som gjeld dette. Særleg kjem me til kort når det gjeld å tilby elevar frå vidaregåande skule eit greitt studie- og arbeidsmiljø. I dag er det to «rom» i andre høgda på hovudbiblioteket som er tenkt for å drive eige arbeid ol. Desse avlukka har ei slik utforming at dei ikkje er lydisolert og dei fungerer ikkje i tråd med tenkt funksjon. På grunn av takkonstruksjon og ventilasjon er det komplisert å bygge om desse. Eit godt alternativ er løysinga Framery. Dette er lydisolerte einingar som kan monterast på enkelt vis, med integrert system for ventilasjon og det er berre å plugge til næraste kontakt. Dette vil vere ei fleksibel og funksjonell løysing, som vil gjere kulturhuset meir attraktivt og allsidig. Tiltaket ligg i investeringsbudsjettet, men det er behov for å auke til kr 400 000.

**Kostnad: kr 400 000**

**Rulleskiarena i Høydalsmo:**

Høydalsmo Idrottslag ynskjer å byggje rulleskiarena i 2021, men rådmannen fylgjer tidlegare finansieringsplan på 2022.

**Kostnad: Total kostnad for prosjektet er kr 3 412 500. Av dette vert 1 050 000 finansiert ved spelemidlar.**

# 7. Planområde - 3 Helse- og omsorgsetaten

## 7.1. Økonomi

Planområde 3 har ei nettoramme for 2021 på kr 79,8 mill. Det er tilført lønsmidlar med kr 1,1 mill. nå, men ramma blei redusera med kr 1,7 mill. i kommunestyrevedtaket i juni og i tabell 3 er det lagt inn ytterlegare innsparing med kr 1,376 mill. i 2021.

Stor del av helse og omsorgstenesta er basera på pasientrettar og er lovpålagte.
Det har vert gjennomført eit større arbeid i avdelinga for å redusere ramma i tråd med kommunestyret sitt vedtak i mai 2020. Avdelingane arbeider jamleg med forbetring av turnusordningar som på sikt kan gje ytterlegare innsparingar. Det er ikkje tatt stilling til ved dette tidspunkt, då det tar relativt lang tid å innføre bland anna årsturnus. Per i dag er det institusjon som har satt i verk årsturnus, men både heimetenestane og Åheim bufellesskap vurderer innføring av årsturnus etter kvart.

Korona pandemien vil også prega kommunane og tenestane 2021. Det er tatt høgde for at pandemien vil påverka tenestane gjennom heile året.

Samhandlingsreforma, som starta opp i 2012, konkluderte med at den demografiske utviklinga, og behovet for tenestar ville truga samfunnets, og kommunanes økonomiske bærekraft. Kommunane skal sjølve ta ansvar for sine innbyggarar og deira behov for helsetenestar. Alle kommunar starta oppbygging av helsetilbod for å auke innsatsen for å førebyggje sjukdom og uhelse. Førebygging er vanskeleg å måle og det tek tid, før resultat blir synlige, og konsekvensar har betyding for framtida

sine helse og omsorgstenestar. 47 % av innbyggarane er over 50 år. Det er svært viktig å førebyggje sjukdom i denne gruppa, då det kan vera med å avlaste behov for tenestar seinare i livet.

Tokke kommune sin befolkning består av mange eldre. Med bakgrunn i oversikt over helsetilstand og demografisk utvikling har helse og omsorgsetaten valt å prioritere eldreomsorga i budsjettet for 2021. Resultatet av det gjer at dei største reduksjonane som er forseslått, til stor del er knytt til førebyggande helsetenestar.

Tokke kommune har større utgifter per innbyggar til helse- og omsorgstenestar, enn mange andre kommunar. Grunnene til det er mange, men gode tenestar er ein av grunnene. 20 % av innbyggarane er over 67 år, og det vil naturleg nok også vera med å auke omsorgsbyrden for kommunen, både når det gjeld institusjonstenestar og heimetenestar (Norge = 15%). Prosentuell fordeling i forhold til totalforbruket ligg nok så likt andre kommunar i Vest Telemark. Det er lagt inn innsparing for etaten tidligare i år, og institusjon vil også bruke mindre midlar, når avdelinga har redusert plasser, med 1200'/år. Etaten har streva med eit høgt forbruk deis siste åra og det er viktig å få økonomisk balanse.

Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger (kr) 2019 *Kilde: SSB*

| 0828 Seljord | 0829 Kviteseid | 0830 Nissedal | 0831 Fyresdal | 0833 Tokke | 0834 Vinje | Kostragruppe 3 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 36 685 | 40 958 | 48 245 | 46 404 | 50 433 | 50 908 | 40 714 |




## 7.2. Årsverk og stillingar

Planområde 3 fikk auka resursar for budsjettåret 2020. Det var lagt in ekstra resursar i ramma frå staten, for dagaktivitet for heimebuande demente, og ei auke av bemanning i heimetenesta.

Det har også vert ei omlegging av dagaktivitetsavdelinga, som organisatorisk har vert lagt over til heimetensta, frå institusjon.
0,4 årsverk var overført frå administrasjon til assisterande avdelingsleiar i heimetenesta.
Lærlingar var lagt over til helse og omsorgstenesta frå 2020, 3 stillingar.

| Avdeling | 2016 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|
| Administrasjon | 2,4 | 3,2 | 3,4 | 3,0 |
| Lærlinger | | | | 3,0 |
| Heimetenesta | 24,84 | 21,78 | 21,79 | 23,59 |
| Enkelt brukar heimeteneste | | | 5,0 | 5,0 |
| Institusjon | 36,1 | 32,25 | 32,25 | 30,58 |
| Åheim bufellesskap | 10,6 | 10,6 | 10,6 | 5,6 |
| Enkelt brukarar Åheim | 3,67 | 3,67 | 6,0 | 11,0 |
| Kjøkken | 4,51 | 4,51 | 4,51 | 4,51 |
| Legeteneste | 7,3 | 7,9 (inkl avdelingsleiar helse 0,6) | 8,3 (inkl avdelingsleiar helse 1,0) | 8,3 |
| Helsestasjon-skulehelse/jordmor | 3,4 | 3,4 | 3,2 | 3,2 |
| Fysio/ergoterpi | 2,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 |
| Psykisk helse | 4,0 | 3,6 | 4,6 | 4,6 |
| Total | 98,42 | 93,23 (Enkeltbrukarar 3,67) * | 101,97 (Enkeltbrukarar 11,0 )* | 105,38 inkludert lærlinger (Enkeltbrukar 16,0) |

* antal enkeltbrukar er feilregistera 2018 og 2019.

Etaten har arbeida aktivt med å auke små stillingar over år og denne utviklinga er viktig å aktivt fortsette med. Ein effektiv måte å gjera det på er å bruke fleksible turnusordningar som til døme årsturnus. Alle avdelingar med turnus, vurderer bruk av årsturnus som eit alternativ i framtida. Tokke kommune har hatt ei stadig auke i utviklinga i andel heiltidstilsette i turnus.




## 7.3. Status og utfordringar

Behovet av tenestar er tatt ut frå regjeringa sitt verktøy, som visar tall på tenestemottakar og kor stort behovet av årsverk kommunen vil ha frem mot 2040. (https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunedata/tjenestebehov2/id2507961/)

Tabellen synar eit mindre behov i åra som kjem for brukarar i alderen 0 -66 år, men ei auke i brukarar over 67 år. Behovet for årsverk i helse og omsorgstenesta, vil også auke i sama periode.






***Institusjon :***

Institusjon har 28 plassar. 23 langtidsplassar (derav 7 på skjerma avdeling), 4 korttidsplassar og 1 avlastings plass.
Lovgrunnlaget for å få tildelt heildøgns omsorgstenestar er heimla i helse og omsorgstenestelova, og alle kommunar har si lokale forskrift om tildeling av sjukeheimsplass og heildøgns buform. ( Vedtatt av Tokke kommunestyre 2017)
Brukarar som får tildelt langtidsplass på sjukeheim har eit stort og omfattande hjelpebehov, med tilsyn heile døgnet.
Tokke kommune har hatt ei reduksjon av plasser på institusjon, frå 35 til dagens 28. Statistikk synar at det frå 2016 – 2018 har vert ei reduksjon av institusjonstenestar og enn venter at statistikken skal vise ytterlegare nedgang framover. Siste året har andel tenestar auka i nokon grad. Det henger ofte saman med omsorgsbyrden i kommunen.







Fleire av brukarane på avdeling C (skjerma avdeling) har behov for 1-1 bemanning gjennom dagen. Det har ved fleire tidspunkt tidligare vert peika på at det er behov for auka bemanning på skjerma eining, på grunn av at brukargruppa har store omsorgsbehov. Fyrste halvår er det meldt om 50 avvik knytt til vald og truslar mot tilsette og/eller medpasientar. Slik som situasjonen er i dag så vil enn ikkje over tid klare å halde eit minstekrav til forsvarlegheit. Det må til ei auke av personale på avdeling C. Det foresláas gjennom ei omdisponering av resursar frå natt til dag. (sjå eiga punkt om nattenste) Gjennom den endringa vil enn klare å auke bemanninga på avdelinga, slik at den fyller krav til forsvarligheit. Ei omdisponering vil og gje moglegheit for å spare 20 % stilling.

Belegget på institusjon har generelt vert høgt gjennom dei siste to åra. Siste månadene har situasjonen endra seg. Både grunna pandemien, men det har også vert ei natureleg endring med færre langtidspasientar.

Minimumsbemanning på institusjon er vanskeleg å vurdere. Belegg, pleietyngde og kompetanse har betyding. Det er også tydeleg at det er andre ting som påverkar bemanningsnorm, som bland anna byggnadsmessig utforming, bruk av hjelpemidlar og velferdsteknologi, avstand til sjukehus og legevakt.

Det er ei generell fageleg oppfatning at skjerma avdelingar og korttidsavdelingar har behov for ei høgare bemanningsnorm, enn ordinær langtidsavdeling. Bemanningsnorm varierer i landet frå 0,8 – 1,1. I Vest Telemark ligg alle kommunar på ei bemanningsnorm på 1,0 – 1,1, utanom ei kommune som ligg lågare. Av 23 pasientar på langtidsavdeling, har 13 pasientar ei demensdiagnose og 5

pasientar er på korttidsplass. Det betyr at av 28 pasientar, er det 18 som trenger ei noko høgare bemanning. Det er stor grunn til å anta at demenssjukdom vil auke dei kommande åra.

Tokke helsesenter er frå 1978 og har ikkje vert opp gradert i større grad dei siste åra. Utforminga er lagt opp til «friskare» pasientar. Fleire av romma har ikkje eiga bad, og bad/toalett ligg utanfor romma. Det betyr i praksis at det må til meir enn ein hjelpar for å hjelpe og for flytte pasientar. Også dette må ligge til grunn for vurdering av bemanningsnorm i avdelinga. Avstand til sjukehus har stor betyding. Ansvarleg sjukepleiar er som regel aleine med ansvaret for alle pasientar i omsorgstenesta på kveld, natt og helg.

Det var i 2018 vedtatt ei styrking av fagteam (Kreftteam, demensteam og KOLsteam) i både institusjon og heimetenesta med kvadrere 20 % stilling. Dette er ingen lovpålagt stilling, så den kan trekkas inn, utan større konsekvensar for brukarar.

For ytterlegare reduksjon må enn sjå på ei lågare bemanningsnorm, og det anbefalas ikkje utifrå dagens situasjon. Ei reduksjon ville gje eit fageleg svakare tilbod, som vil gå ut over pasientbehandling, som ville komme under forsvarlegheitsgrensa.

***Natteneste:***

Oversikt over bemanning natt:

| **Avdeling** | **Bemanning** |
|---|---|
| Institusjon | 3 |
| Heimetenesta | 1 |
| Heimetenesta – enkelt brukar | 1 |
| Åheim bufellesskap | 1 |
| **Totalt** | **6** |

Ti trass av at institusjon har redusert tilbodet med 7 plasser, så har bemanning på natt vert den same dei siste åra med tre personale som dekker 28 pasientar. Gjennom eit auka samarbeid mellom nattevakter i alle avdelingar, vil det vera med på frigjera heimlar. Denne blir foreslått endra for å styrke bemanninga på dag og kveld, på demensavdelinga, slik at avvik blir varig lukka. Resterande 20 % stilling blir foreslått trekt in som eit innsparingstiltak.

## *Heimetenestane:*

Tokke kommune har dei siste åra satsa på at innbyggarane i størst mogeleg grad skal bu i eiga heim. Resursane i heimetenesta er styrka, og frå 2016 og frem til 2018 har talet på brukarar auka jamt over. 2019 har vert eit år med noko nedgang, og har samanheng med kor stor del av brukargruppa som har institusjonstenestar.

12003: Omsorgstjenester - brukere, etter år. I alt, Tokke. Heimeteneste, Omsorgstjenester - brukere per 1000 innbyggere (antall).




12003: Omsorgstjenester - brukere, etter region. I alt, Heimeteneste, Omsorgstjenester - brukere per 1000 innbyggere (antall), 2019




Heimetenesta arbeidar med å samle personale under eit område. Det gjer at turnus og arbeidsoppgåver blir slått saman, noko som på sikt vera meir effektivt, både med omsyn til besøk i heim og køyring.

Det er i tillegg gjort eit større arbeid for å ta i bruk årsturnus i avdelinga, og det vil vera ei god måte å vidareutvikla tenesta vidare. Planlegging tar lang tid og det vil ikkje vera mogleg å ta i bruk før vinter 2021. Det kan eventuelt gjeva ytterligare innsparingar på sikt.

I år er det gjort eit grunnarbeid for å sjå på bruk av multidose for heimebuande brukarar. På sikt vil det gje ei moglegheit for å redusere noko bruk av bemanning med 20 % stilling.

Heimetenesta har gjort eit større arbeid, saman med andre kommunar i Vest Telemark, med innføring av velferdstekonologiske løysingar. Det er laga eit godt grunnlag for innføring, som vil etterkvart vera med på å løyse enkelte behov og eit auka bruk av hjelpemidlar. Framtidas brukarar vil ha tilgang til meir hjelpemidlar. Kommunane i Vest Telemark har fått tilskott frå fylkesmannen til å fylgje opp arbeid med innføring av velferdsteknologi.

Bruk av heimehjelp går opp og ned. Her er det viktig å få til ei ordning som gjer at avdelinga kan vera fleksible, med omsyn av brukarbehov. Vi har også sett at bruket er noko redusert under pandemien. Her var det lagt in innsparing i 2020 med 40 % stilling.
Tenesta heimehjelp er viktig for den er med på å redusere bruken og oppstart av andre tenestar.
Ei eventuell ytterlegare reduksjon, ville gjera at det ikkje er kapasitet til å gjennomføre alle oppdrag.

2018 blei det lovpålagt med dagaktivitetstilbod for demente. Tokke kommune fikk tilskott for å etablere eit styrket tilbod . Ved årets slutt var tilskottet redusert og kommunane fikk ei lita auke i ramma. Saman med resursar frå «Vennestoga» er det etablert eit godt tilbod for demente.

Det er frå regjeringa sin side ikkje lagt noko norm i kor omfattande tenesta skal vera, det er opp til kvar enkelt kommune. Her er det rom for noko innsparing gjennom omdisponering og/eller bruk av andre inn i avdeling. Enn anbefaler ikkje å gå under to dagar per veka, då tiltaket er svært avlastande for familiar.

### *Åheim bufellesskap:*

Alle brukarar på Åheim bufellesskap er heimebuande. Tre av brukarane, er brukarar med store omsorgsbehov, og kommunen mottar tilskott for særleg resurskrevjande omsorgstenestar. Ei gjennomgåing av tenestane synar til at ytterlegare ein brukar kjem over nivået for 2020.

Alle brukarar har enkeltvedtak som ligg til grunn for bemanninga. Alle brukarar på bufelleskapet får meir eller mindre hjelp med bistand til eiga omsorg. Brukarane har også rett på tilsyn i form av oppfylging av praktisk hjelp og aktivisering. Aktivisering er hjelp med å oppretthalde kontakt med familie og sosialt nettverk, fysisk aktivitet og delta i aktivitetar og hobbyar, utifrå eiga interesse.

Tokke kommune har vedtatt å starta opp eit arbeid med gjennomgang av tildelingar av tenestar. Ein vil gjennomgå alle område, og begynnar med Åheim bufellesskap. Alle vedtak blir evaluera kvart år. Kommunen skal i 2021 bruke ekstern kompetanse for å sjå på tildeling, vedtak og nivå på tenestetildelinga. Målet med gjennomgangen er å vurdere om nivået på tilboda, er høgare enn andre kommunar.

Åheim sitt lokale aktivitetstilbod BABU fungerer bra, det er bruka resursar som er knytt til kvar enkelt brukarar. Det er ikkje potensiale til innsparing, men det kan vera moglegheit for vidare utvikling av tenesta, som kan vera med på å spare inn utgifter på andre område.

Per juli 2020 har Tokke kommune 4 statlege VTA plassar og 3 kommunale plassar på KVITO. De siste åra har fleire brukarar eit endra behov for tenestar rundt aktivisering.

Det er nå sagt opp to kommunale plasser på KVITO, der den eine også har hatt tilrettelegging. Det vil ikkje har større konsekvensar for brukarane, men gjev innsparing frå 2020, og ytterlegare for åra 2021 og 2022.

## *Helseavdelinga:*

### *Legeteneste og legevakt*

| | Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk) |
|---|---|
| | 2019 |
| 0828 Seljord | 21,8 |
| 0829 Kviteseid | 16,6 |
| 0830 Nissedal | 20,7 |
| 0831 Fyresdal | 23,3 |
| 0833 Tokke | 18,2 |
| 0834 Vinje | 18,0 |

Fotnoter

1) Årsverk: Tall for 2015-2019 ble oppdatert med ny metode i mars 2020, og med ny beregning for bl.a. miljøterapeuter/pedagoger og annen helsefaglig utdanning i juni 2020.

Tokke kommune  har tre legeheimlar og ligg på lik linje som andre kommunar i Vest Telemark.  Tokke har lega høgt på legeårsverk, men nå ser det ut som om fleire andre kommunar også har auka tenesta.

Legetenesta gjennomførte ei redusering av bemanning i  2018 då diabetessjukepleiar var fjerna. Nøkkeltalet for hjelpepersonale er tre per dag, ein på kvar stasjon (resepsjon, skadestoga og laboratoriet), og det er den bemanning enn har per i dag. Det er å sjå på som ei minimumsbemanning.

Fastlegeordninga har vert i krise det siste året. Fastlege dekkinga er under stor press, og regjeringa har i 2020 vedtatt ei utviklingsplan for allmennlegetenesta. Legetenesta har ei stor rolle i heile helse og omsorgstenesta, der legen er nøkkel til fleire tiltak,  og dersom tenesta blir redusert,  vil det vera med på å påverka  andre deler av helse og omsorgstenesta.  Legevurdering ligg til grunn for mange tiltak som blir satt i verk.
Tokke kommune har tre spesialister  i allmennmedisin, noko som er den anbefalte kompetansen for fastlegar. Det gjer innbyggjarane eit svært godt tilbod.  Som følge av det vil også inntekter frå HELFO auka i nokon grad.

Tokke kommune har valt å samarbeide med Vinje kommune om legevakt.  Avtalen var oppdatert 2019. Kommunestyret i Tokke kommune henvende seg  til Vinje kommune om utvida samarbeid med ferieavvikling.  Vinje kommune avslo , men ynskjer at Tokke kommune er med på ei større utgreiing om legevakt innafor dagens ramme.

Dagens utfordringar med Kovid – 19 pandemi, som ser ut til å strekke seg langt in i 2021, vil det ikkje vera rom for nokon reduksjon i legetenesta. Utfordinga har i staden vist kor viktig tenesta er og at det er viktig å ikkje gjera den for sårbar.

### *Helsestasjon og skulehelseteneste*




Helsestasjon og skulehelseteneste er ei lovpålagt oppgåva og er å sjå på som ei av kommunen sine kjernetenestar. I Tokke kommune er det  for tida 2,4  stillingar knytt til helsestasjon og skulehelsetenesta, jordmor kjem i tillegg med 30 % kommunal stilling og 30 % knytt til jordmorvakt. Det er vanskeleg å sei kor stor ei grunnbemanning skal vera, men ei  kommune med fleire skular og ei vidaregåande skule,  har behov for meir resursar enn enkelte andre kommunar.  Det finnes ikkje

normtall for helsestasjonstenesta, men Helsedirektoratet har satt fylgjande normtall for skulehelsetenesta:
***Barneskule – 35 % helsesøster kan fylgje opp 100 born. I Tokke er det 164 born i alderen 6 -12 år.***
***Ungdomsskule – 18 % helsesøster kan fylgje opp 100 born. I Tokke kommune er de 104 born i alderen 13-16 år.***
***Vidaregåande skule – 13 % helsesøster kan fylgje opp 100 born. (Vest Telemark vidaregåande har totalt ca 200 elevar totalt i Seljord og Dalen)***
Normtalet for skulehelsetenesta i Tokke kommune vil ligge på rundt 100% stilling.

Helsestasjonsoppgåvene fylgjer oppsett plan for helsestasjonsprogrammet, og krev ei full stilling. I tillegg kjem arbeid med ansvarsgrupper, som er vanskeleg å tallfesta, men det går mykje tid til oppfylging av enkelte. Helsestasjonen har også ansvar for felles koordinering rundt born og unge.

Statistikk frå SSB synar at Tokke kommune har noko større utgifter, enn fleire andre kommunar, til helsestasjon og skulehelseteneste. Små tall blir store i dette samanheng, då tenesta må ha ei viss grunnbemanning. Ei grunn kan vera at kommunen gjennom fleire år har fått støtte frå helsedirektoratet for å drive enkelte prosjekt.
Tenesta har vert redusert fleire gonger dei siste åra. Enn ser enda at det ikkje vil vera uforsvarleg å redusere med 40 % stilling. Men det vil gje konsekvensar som ramar bland anna ungdomar med mindre (eller ingen) treffetid på vidaregåande skule, redusert lågterskeltilbod, og fjerning av tilbod av reisevaksinering, som ikkje er lovpålagt.

For å oppnå større fagmiljø så kan det vera aktuelt å sjå på eit samarbeid med andre kommunar, men det må vera nærleik til helsestasjon i ei kommune, med fleire skuler, og vidaregåande skule. Helsedirektoratet peikar på at tilgjengelegheit er fundamentet i helsestasjon og skulehelsetenesta. Det er avgjerande for at tenesta skal vera trygg, sikker og ha verknad. Tenesta når alle born og føresette uavhengig av bustad, kjønn, fødeland, etnisitet og livssituasjon. Alternativ kan enn arbeide saman med andre kommunar for å sjå på eit utvida samarbeid om leiande helsesøsterfunksjonen eller eit tettare fageleg samarbeid. Men avstand har betyding for kommunane i Vest Telemark, der offentleg transport er svært avgrensa. Helsestasjon i ei anna kommune vil begrense tilgjengelegheita for innbyggjarar i Tokke kommune, og i verste fall resultere i at alle ikkje har tilgang til helsestasjon. Regjeringa har under fleire år trappa opp helsestasjon og skulehelsetenesta, med mål om eit godt lågterskel tilbod som kan avdekke problemstillingar for born, ungdom og familiar tidlig. Her har Tokke kommune fått tilskottsmidlar gjennom fleire år, som i hovudsak har vert bruka på vidaregåande skule. Problem blant born og unge aukar og det er mange som strever med psykisk helse og meistring. Samhandling mellom helsestasjon, psykisk helseteneste og oppvekst vil vera viktig for å avdekke problem og sette in tiltak tidlig.

### *Fysio- og ergoterapitenesta*




Fysio og ergoterapitenesta var endra for eit par år sidan. Eit privat driftstilskott var gjort om til ei kommunal stilling. Grunnen til det var at tenesta var sårbar, og resursane var ikkje nok til å gjennomføre alle lovpålagte oppgåver. Pasientgruppa som har behov for oppfølging av fysioterapeut aukar på grunn av samhandlingsreforma og brukarar kjem heim til kommunen med store behov. To fysioterapeutar har vert bra for å utvikle frisklivssentral og førebyggjande frisklivsarbeid, men det vil ikkje vera uforsvarleg å redusere i nokon grad. Konsekvensane vil i fyrste omgang vera reduksjon og fjerning av tiltak som ikkje er lovpålagte, til døme frisklivstrening.

Når den kommunale delen av fysioterapi var auka, var også den private delen redusert. I et par år har Tokke kommune hatt 2,2 private driftstilskott. Det har heile tida vert eit mål å få til eit samla tilbod til 2,0, som ville vera eit godt tilbod. Det er signalisert at når ein av fysioterapeutane går av med pensjon, vil enn klare å spare inn 20 % tilskott. Det vil ikkje vera uforsvarleg å redusere ytterlegare når det er anledning, med inntil totalt 60 %. Det kan vera med på gje ei auka ventetid for enkelte pasientar, men eller ingen større konsekvensar.

Det blir anbefalt å redusere i det private tilskottet, framfor kommunale stillingar. Dei kommunale stillingane skal vera med på å dekke opp dei lovpålagte oppgåvene, dei private gjer ikkje det. Det er også knytt eit fastlønnstilskott til fastlønna fyioterapeut, som gjer at den stillinga er mykje meir økonomisk gunstig, enn andre stillingar.

Ergoterapeut er ei lovpålagt oppgåva for kommunane frå 01.01.20 I Tokke kommune har ei 100 % stilling som ergoterapeut. Resursane er knytt til rehabilitering og kvardagsmeistring, samt til utprøving og kartlegging av hjelpemiddelsbehov. Ergoterapeuten har også vert viktig med arbeid rundt innføring av velferdsteknologi. Enn ser ikkje rom til å redusere denne funksjon slik som situasjonen er i dag, men stillinga kan brukas meir fleksibelt in mot andre tiltak i kommunen, bland anna dagavdeling.

### *Psykisk helse og rus*

Tenesta er lovpålagt, gjennom pasientrettigheitsloven. Tenesta arbeidar både opp mot born og vaksne, samt førebygging og kronikar. Med regjeringa sin opptrapping innafor rus, fikk psykisk helse og rus styrka bemanning i 2019.

Samhandlingsreforma for psykisk helse og rus var satt i verk frå 2019. Det betyr at kommunane skal ta eit større ansvar for sine eigne brukarar. Pasientar som tidligare fikk plass på DPS eller korttidsplass på sjukehuset får nødvendigtvis ikkje det lenger. Pasientar skal komme tilbake til kommunen for å rehabiliterast. Det betyr at fleire oppgåver er lagt over til kommunane som tidligare høyrte in under spesialisthelsetenesta. Det krev både auka bemanning og kompetanse for å fylgje opp og behandle pasientar i større grad enn tidligare.

Psykisk helse og rus gjennomfører ei undersøking anna kvart år som heiter Brukarplan. Sist gjennomført undersøking var i 2017. Den viser at fleire av brukarane i Tokke kommune, har store utfordringar. ( gul = alvorleg, raud = svært alvorleg) Fleira av brukarane har også omfattande, tverrfagelege tenestar.




N = 24 (brukere som er gul eller rød på funksjonen psykisk helse)
Antall med selvmordsforsøk: 2
Antall med fare for selvmord: 3




Det vil ikkje vera uforsvarleg å redusere bemanninga på psykisk helse og rus, men det vil ha konsekvensar, for svake grupper som bland anna kronikar. Det blir lenger ventetid for pasientar med lettare psykiske helseplager. Det er på sist at ubehandla lettare tilstander kan gje varige problem, som er vanskelegare å avhjelpe. Ei anna konsekvens er at ei reduksjon også kan også gje ei auka belasting på samfunnet. Avdelinga brukar i liten grad vikar, så tenesta vil også bli meir sårbar.

Psykisk helse og rus har i dag ansvar for koordinering av SLT arbeidet i kommunen. Den funksjonen vil enn ikkje ha kapasitet til å fylgje opp ved ei reduksjon.

Under ned stenging av samfunnet under krisen i mars, viste det seg at dei mest sårbare gruppene med utfordringar knytt til psykisk helse og rus opplevde forverring av sjukdomstilstanden. Avdelinga vil prioritere arbeidet med born og unge, samt familiar.

## 7.4. Mål i handlingsprogramperioden

| Mål nr. | Utfordringar og tiltak | Mål |
|---|---|---|
| 7.4.1. | Innføring og vidareføring av Reforma «Leve heile livet» | Tverfageleg fokus på førebyggande innsats og oppfølging av reforma Leve hele livet.<br><br>Tiltak : Arbeide vidare med etablert arbeidsgruppe for å planlegge eit eldrevennleg samfunn, og kva det betyr for Tokke kommune. |

| | | |
|---|---|---|
| 7.4.2 | Velferdsteknologi<br><br>Innføring av heilskapleg tenstemodell | Innføra heilskapleg tenstemodell i Tokke kommune, for å sikra systematisk arbeid med velferdsteknologi.<br><br>Oppgåver knytt til å sette teknologi ut til brukarar, sørge for respons, utrykking og evaluering.<br><br>Tiltak: Arbeide vidare med prosjektleiar i Vest Telemark etter plan, som omfattar bland anna:<br><br>1. Opplæring av personale<br>2. Kartlegging av individuelle behov<br>3. Ta i bruk medisinseringsstøtte<br>4. Kartlegge gevinstrealisering |
| 7.4.3 | Styrking av Kreftomsorg i kommunen | Tokke kommune skal i samarbeid med Vinje kommune og STHF, vidareutvikla kompetanse for kreftomsorg i Vest Telemark.<br><br>Tiltak: Styrke og systematisere arbeid med oppfølging av brukarar og pårørande med kreftdiagnose.<br><br>Styrke oppfylging med palliasjon og lindrande behandling |
| 7.4.4 | Heiltidskultur – vidarearbeid | Fortsett styrka heiltidskulturen – heiltid skal vera det normale.<br><br>Tiltak: Kulturarbeid – styrke heiltidskultur Arbeide med alternative turnusordningar i alle avdelingar. |

## 7.5 Investeringsstatus/behov

Det har ikkje vert moglegheit for å gjennomføre alle planlagde tiltak i 2020 på grunn av krisesituasjonen som har påverka alle. Oppussing av kjøkkenet er i gong og enn reknar med at det skal vera ferdig i desember 2020.

Det er elers mange store tiltak som kjem settas i verk etterkvart, der fleire må sjåas på samla.

Det er satt opp eit nytt tiltak for 2021 - opp gradering av utstyr for videokonferanse i helse og omsorg. Digitale møter og kurs har vert mykje meir tatt i bruk 2020, og det vil auke i åra

som kjem. Fleire avdelingar nyttar utstyr til å ha kontakt med sjukehuset via Norsk helsenett. Utstyret som helse og omsorg har er 20 år gamalt og er utdatert.

| Tiltak | |
|---|---|
| Nytt videoanlegg knytt til NHN (Norsk helsenett) | Nytt tiltak 2021 |

# 8. Planområde 4 - Plan, næring og teknisk

## 8.1. Økonomi

Planområde 4 har ei nettoramme for **2021 på kr 26,9 mill. Nye lønsmidlar er tilført med kr 380 000, medan innsparing eller reduksjon i ramma i juni-møtet i kommunestyret var kr 1,9 mill. Dette er nå tilrådd nedjustera med kr 400 000 sidan summen var sett opp under føresetnad av at både barnehage og skule på Åmdals Verk blei lagt ned.**

Kommunalsjef er øvste leiar for administrasjonen i 100% stilling. Etaten har ei konsulentstilling i 100% som mellom anna fakturerer kommunale avgifter og gebyr, utvalshandsaming m.m. på alle områda.

Plan og næring:

Plan og næringsområdet har 6 årsverk som er direkte lagt til kommunalsjefen: Byggjesak 100%, kart/ oppmåling 100%, landbruk 100%, skog/ utmark 100%, nærings- og samfunnsutviklar 100% og reiseliv 100%. I tillegg har me lønsbudsjett på omlag 120 000,- til turistkontor sommarstid og 150 000,- til sysselsetjingsarbeid for skuleungdom. Jegerkorpset har eit budsjett på omlag 150 000,-, der ein del er finansiert av inntekter frå fellingsavgifter og jaktutleige.

Kommunalsjefen har tre avdelingsleiarar for tekniske avdelingar for områda VVA, uteavdeling og eigedomsforvaltning.

Uteavdeling:

Arbeidsformann i 100% stilling er avdelingsleiar og har ansvaret for dagleg drift av bygningar, vegar og anlegg. Avdelinga har 10 tilsette, fordela på 9,93 årsverk.

Eigedomsforvaltning:

Eigedomsforvaltar i 100% stilling er avdelingsleiar og dekker fagfelta reinhald, byggforvaltning og brannberedskap. På reinhald er det 16 tilsette fordela på 14,3 årsverk. Brann har 16 stillingar på 1,4%, totalt 0,224 årsverk.

Vatn og avlaup:

VVA – ingeniør i 100% stilling er avdelingsleiar og dekker fagområda veg, vatn og avlaup. Avdelinga har i tillegg 3,6 årsverk fordela på 4 tilsette. Avdelinga tek mykje vedlikehald og investeringsprosjekt i eigen regi, saman med tilsette frå uteavdelinga. Dette fungerar veldig bra, og sparar oss for utgifter.

Opptrapping av V/A – gebyr opp til sjølvkost er gjennomført etter budsjettvedtak, med 15% i 2014, 2015 og 2017 og 7% i 2018 og følgjande år etter prisveksten.

Renovasjon og slamtøming:

Lokal føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamskiljar, samt gebyr for feiing/ tilsyn, vart endra i 2020 som følgje av naudsynte og lovpålagte tilpassingar. Ein konsekvens av dette er noko lågare gebyr for hushaldningar, men og ei auke i gebyra for hytter.

Det er varsla stor auke i prisane for slamtøming i 2021. Dette gjeng inn i grunnlaget for sjølvkost.

Politisk organisering:

Landbruk, miljø og teknisk utval (LMT) handsamar saker innafor områda teknisk drift, byggjesak, kart/ oppmåling, klima/ miljø, skog/ utmark, reiseliv og landbruk. Formannskapet handsamar saker om næringstilskot, sal av næringsareal, samt plansaker; reguleringsplanar, kommunedelplan m.m.

## 8.2. Status og utfordringar

**Generelt:**

Det er stor aktivitet på PNT – etaten, med mange og dels stor investeringsprosjekt, oppfølging av prioriterte satsingar kring næringsbygg og verksemder, prosjekt og satsingar innan fleire av områda våre. Me ser ei auka mengde byggjesaker, større etterspurnad etter bustadtomter, mange landbrukseigedomar på sal og stor interesse for kjøp, stor pågang på tilskot etter landbruksplan, m.m. Den største utfordringa er å auke folketalet, som framleis er synkande i Tokke. Me har tru på at mykje av arbeidet og satsingane som blir gjort, på sikt vil stabilisere og vonleg auke folketalet. Nye og attraktive bustadtomter, aktivt næringsarbeid, satsing på attraktivitet og busetjing i grender, styrke kommunesenteret Dalen og Høydalsmo som tettstad, meiner me er viktig å halde fast ved. Me har eit vidt sprekter av fagområde innan etaten, og meiner me samarbeider godt om ressursane.

Utfordringa for etaten er å stabilisere budsjett i høve til driftsnivået tilpassa dagens tenestar og drift. Midlar til oppgradering av t.d. bygg og vegar, er styrka gjennom bruk av investeringsmidlar. Ordinære driftsrammer til veg, byggvedlikehald, straum, reinhald og brann er framleis låge.

Me har ikkje kapasitet til å utføre store planarbeid i eigenregi, og midlane som er budsjettert, er for låge til å setje ut arbeidet.

**Plan:**

Gebyrinntekter frå kart- og oppmåling utgjer årleg omlag kr 600 000,-, byggjesak har auka i år til over 400 000,- og plan ligg vanlegvis på 50 – 100 000,- , totalt kring 1 mill. Desse kan variere ein del frå år til år. Fagressursane blir bruka på tvers mot tekniske avdelingar, med styring av byggjeprosjekt, oppmåling og kartfesting av anlegg, forvaltning av næringsbygg, bustadtomter m.m.

Reguleringsplanarbeid for Dalen og Høydalsmo bør ha høg prioritet i åra som kjem. Midlar på investeringsbudsjettet som blir lagt inn, inkluderar reguleringsarbeid. Det vil vere aktuelt å leige inn kapasitet til planarbeid evt setje kvar av planarbeida ut på anbod. Summane som er lagt inn er skjønnsmessige: Omfang på investeringane vil i tillegg til planleggingsutgifter, avhenge av antal tomter, opparbeidingskostnader osv.

**Næring og reiseliv:**

Satsing på nyetableringar og utvikling av eksisterande verksemder, med særleg fokus på bruk av Tokkestad – bygga som er kjøpt på Dalen og etableringar på næringsarealet i Høydalsmo , har framleis høg prioritet. Arbeid med Tokke sin «næringshage» blir jobba med i Selskapet Dalen næringshage AS.

Tokke har eit høgt tenestenivå på reiselivsområdet www.vistdalen.com , noko som har vore høgt prioritert politisk. Vi har hatt ei auke av arbeidsplassar knytt til «besøksverksemder» og det er eit av områda nasjonalt som blir sett på som vekstnæring. Det er viktig at vi klare å halde oppe aktiviteten og fokuset på dette. Drift av bubilparkeringa med kiosk/ turistkontor-satelitt ved bryggja på Dalen har vore vellukka dette året og me ynskjer å bruke midlar frå inntektene til å utvike reiselivstilbodet vidare. Visit Telemark har signalisert ny sak kring struktur/ finansiering og prosjektet Vandre Telemark må finne ei permanent ordning, der Tokke har fleire av vandrerutene.

Det er eit ynskje om å setje i gang prosjekt/ samarbeid med ulike aktørar i området, knytt til profilering av sommaraktivitetar på Hallbjønnsekken.

**Faste utbetalingar Næringstiltak (midlar frå konsesjonsavgifter):**

| | |
|---|---|
| Telemarkskanalen Regionalpark | 260 000,- |
| Skien – Dalen Skipsselskap | 100 000,- |
| Henrik Ibsen | 100 000,- |
| Visit Telemark | 85 000,- |
| Skafsåheia Løypelag (årleg tilskot jfr avtale om drift) | 150 000,- |
| Dalsmarken (jfr vedtak til og med 2023) | 50 000,- |
| Tokke Båtlag | 21 000,- |
| Tilskot marknadstiltak (Næringssamskipnad) | 50 000,- |
| Haukelivegen AS | 19 000,- |
| **TOTALT, faste utbetalingar næringstiltak** | **835 000,-** |

Næringsplan (2016 – 2020) har ikkje vore revidert i 2020 pga vakanse, men skal reviderast når me har kapasitet, truleg i 2021. Ramma til næringstiltak har siste åra ligge på 1,6 mill, der 835` er faste utbetalingar.

Eigedomsmeklar er engasjert for å auke aktivitet/ sal på næringsarealet i Høydalsmo. På Haugsevje har me ledig 7 daa som er kjøpt i 2020. Vistadmoen har 10 daa regulert areal i kommunal eige, som ikkje er opparbeidd. Ny reguleringsplan for Dalen skal vurdere mogleg utviding/ nye næringsareal.

**Landbruk:**

Kommunale tilskot etter landbruksplan, har dei siste åra hatt ei økonomisk ramme på kr. 500 000,-. Denne blei auka i budsjettet for 2020 med 250 000,-, men redusert igjen etter fyrste kvartal pga innsparingskrav. Arbeidsfristane på tilskot som er gjevne, blir sett til 3 år og det er difor viktig at ubruka mildar eine året, blir overført til neste. Det kan bli behov for ekstraløyving einskilde år, men me prøvar å halde oversikt og følgje rammene.

Revidering av landbruksplan er igangsett og skal sluttførast i 2021.

Landbruksområdet samarbeider om prosjekt mot næring og reiseliv. Samarbeidsprosjekt i Vest – Telemark knytt til lokalmat (Fjelltelemark) og Småbruksprosjektet, er døme på dette.

**Teknisk uteavdeling:**

Vegplan og maskinplan for uteavdelinga, gjer framlegg om prioriteringar ein 4-årsperiode, som er lagt til grunn i budsjettframlegget. Saman med vedlikehaldsplanen gjev dette eit godt grunnlag for budsjettering, både av drift og investeringar i åra som kjem. Endring av maskinplan er handsama i LMT 13. oktober 2020 og er lagt ved budsjettdokumentet.

Økonomien på uteavdelinga er bunde opp i faste utgifter, serviceavtaler, med særs lite midlar til vanlege vedlikehaldsoppgåver både på bygg og veg. Ved uføresette hendingar vert det fort overskridingar av budsjett. Det har ikkje vore høve til å auke rammene på uteavdelinga siste åra.

**Eigedom-/ byggforvaltning og reinhald**

Avhending av kommunale bygg: Lårdal alderspensjonat og Eikbygget i Lårdal er selt. Mo skule er riven. Dette fører til noko redusert driftsutgifter som straum og faste utgifter, sjølv om bygga har stått tome, eller bruka av andre.

Oppfølging av budsjettvedtak 2020: Bestilling på behovet for opprusting/ vedlikehald av kyrkjestoga i Eidsborg samt Tokke skule (5-årsperspektiv), kjem som eigne saker. Installering av fiber på kommunale utleigeeiningar vil koste kring 5 000,-/ eining og det er aktuelt på 11 bustader. Fleire av dei som leiger ynskjer å bruke Medianett som ligg der i dag. Me gjer framlegg om at fiber blir etablert etterkvart, til dei av leigetakarane som ynskjer det.

Eigedomsavdelinga har ein vedlikehaldsplan som synleggjer behovet for oppgraderingar og vedlikehald av kommunale bygg. Denne ligg til grunn for prioriteringar av investeringsmidlar. Me opplever støtt krav og tilsyn frå sentrale myndigheiter, slik som på brannstasjon, asbest i bygningar og anlegg, m.m. og med tilhøyrande krav om sertifisering/ kursing.

Reinhaldarane i Tokke kommune gjer ein god og viktig jobb for tilsette, brukarar og pasientar i Tokke kommune. Reinhalderane får stadig nye utfordringar, ikkje minst i samband med smitteverntiltaka som er innført, noko dei løyser veldig bra. Teamorganiseringa som er gradvis utvida, fungerer godt og gjev både god utnytting av ressursane og mindre sårbarheit.

Det er kjøpt inn vedlikehaldsprogram for byggforvaltning, som i fyrste omgang blir lagt opp for reinhald for å få digitale reinhaldsplanar for dei ulike bygga.

**Brannkorps**

Tokke Brannvesen har 16 profesjonelle og motiverte brannkonstablar, som det er viktig me tek vare på. Brannvesenet har dei siste åra fått eit kjempeløft når det gjelder stasjon, utstyr og utdanning. Likevel er det ein del manglar av utstyr som me på sikt må kjøpe. Kompetansekrava innan brannvern har auka mykje siste åra og kursbudsjett og anta øvingar burde difor aukast. Brannvesenet sine oppgåver aukar stadig i typar og omfang, og dei er ofte dei fyrste av utrykkingsetatane på mange alvorlege ulykker. Dette set store krav til både utstyr og mannskap.

**Vatn og avlaup**

Vatn- og avlaupsavdelinga er avhengige av samarbeid med uteavdelinga når det gjeld vaktordning samt oppgåver kring drift- og investering. Me er sårbare i høve til sjukdom, og det er viktig å ha stillingar nok til ein kvar tid, for å halde oppe tenestenivå og naudsyn kompetanse.

Vedlikehald av kommunaltekniske bygg blir ofte nedprioritert for å halde oppe drifta, men me prøver å finne løysingar i eigenregi når det er kapasitet.

På grunn av nedlegging av slamlaguner i framtida, blir det jobba mykje med ombygging av reinseanlegga våre for å imøtekome krava i framtida.

Rehabilitering av leidningsnett på Dalen, er gjort for prioriterte strekningar siste åra og vil halde fram i åra som kjem. Me ynskjer å gjennomføre kameraovervaking i 2021 fordi me framleis finn mykje framandvatn i anlegga ved mykje nedbør. Vidare plan for rehabilitering av leidningsnettet vil difor fyrst kome i økonomiplan for 2022- 25.

Vassverket på Dalen må utgreiast vidare med tanke på tiltak for å heve pH og stabilisere alkaliteten på vatnet. Låg pH tærer på røyrsystemet og armatur, og kan løyse ut helseskadelege stoff i vatnet.

Nedanfor ligg plan for komande periode med drift- og investeringsprosjekt på avdelinga.

Vassforsyning

| Stad/ anlegg | Tiltak | År | Ca mill. |
|---|---|---|---|
| **Høydalsmo VV** | Utvide kapasitet og sikre prosess/ behandling | 2021-2023 | 3 |
| **Dalen VV** | Forprosjekt - utgreie vassbehandling for å heve pH og stabilisere alkaliteten på vatnet | 2023 | 0,1 |
| **Hallbjønnsekken VV** | Opprusting av UV anlegg til dagens krav. (Pålegg Mattilsynet) | 2021 | 0,35 |
| **Leidningsnett** | Rehabilitering og utskifting av VA –leidningar, køyre kameraovervåking i 2021 som grunnlag for prioritering | 2021 - 2024 | 2,0 |
| **Åmdals Verk VV** | Montere UV - anlegg | 2023 | 0,35 |

Avløpsanlegg

| Stad/ anlegg | Tiltak | År | Ca. mill |
|---|---|---|---|
| **Hallbjønnsekken RA** | Utarbeide konkurransegrunnlag for rehabilitering av anlegget. | 2021-2023 | 31 |
| **Dalen RA** | Utgreie sentral avvatning | 2021 | 0,7 |
| **Høydalsmo RA** | Skifte ut avvatningsutstyr som er 35 år gamalt – Utarbeide grunnlag for konkurranse. | 2019-2020 | 0,7 |
| **Slamhandsaming - generelt** | • Bestemme kva ein gjer med «våtslam» frå Åmdals Verk RA, Lårdal RA og Hallbjønnsekken RA. Me har fått utarbeida ein rapport frå Pajco Consult som tek for seg alternative løysingar | 2021 | |

## 8.3 Investeringar, tabell 2:

Det er stort behov for utskifting av utstyr, samt oppgradering av bygningar og anlegg på tekniske avdelingar. Me legg til grunn maskinplan, V/A – plan, trafikksikringsplan, vegplan og vedlikehaldsplan, ved prioriteringar av investeringar. I tillegg kjem nye, prioriterte prosjekt ved budsjetthandsaminga.

Me prøvar å leggje fram realistiske budsjetteringar, då det er avgrensa kapasitet administrativt til å følgje opp planlegging og gjennomføring av store prosjekt. Samstundes vil det ofte kome fram endra føresetnader i planleggingsfasen, slik at summar og tidspunkt for investeringa kan bli endra.

**Utarbeiding av nye reguleringsplanar for Dalen og Høydalsmo:**

Etter tydlege, politiske signal, skal arbeidet med etablering av nye bustadtomter på Dalen og i Høydalsmo prioriterast høgt i åra som kjem. Investeringssummar til planarbeid og opparbeiding 2021-23 er lagt inn i framlegg til investeringsbudsjett. Dette er berre anslag nå for å starte planarbeidet, og må truleg oppjusterast i økonomiplanperioden.

**Prioritering av innkjøp etter maskinplan 2021 – vedlagt (vedtak LMT 13.10.2020):**

1. Byte ut Massey Ferguson 2012 modell
2. Båt brannvesen: Buster 1999 modell. Båten er ueigna til brannvesenet sitt formål. Motor er tungstarta og undervasshus øydelagt.
3. Sitjeklypperar: Trong for 1 ny sitteklyppar.

**Utgreiing – heis Høydalsmo skule**

Me har vurdert moglegheiten for å bygge heis inn i eksisterande heissjakt på Høydalsmo skule, jfr bestilling i budsjettvedtak for 2020. Heisleverandør Krona seier følgjande:

*Denne sjakten er nok opprinnelig laget på mål basert på hydraulisk heis og uten krav til innerdør på heiskupè. Når det nå må monteres automatiske dører vil dette ta av plassen i sjakten (20-30 cm) i både bredde og dybderetningen pga det er dører som står 90 grader til hverandre (dette er også en*

*svært dyr løsning). Det blir svært liten plass igjen til heiskupè og annet utstyr slik at heisen vil ikke kunne ha plass til rullestol.*

Ombygging av heissjakt, vil bli kostbart. Me meiner at ei løysing kan vere trappeheis.

OKI – etaten seier følgjande om behovet for heis: Både Tokke skule og Høydalsmo skule har avvik på ventilasjon og har trong for utbetring av ventilasjonsanlegga. Leiing, tilsette og verneapparatet ser ventilasjon som viktigare enn heis i Høydalsmo. Ein må heller vurdere heis om det skulle bli trong for det. Spesialrom (formingsrom) på begge skulane treng opprusting og vedlikehald.

**Reinseanlegg Hallbjønnsekken:**

Investeringar er lagt inn i framlegg til investeringsbudsjett fordela på 2020 og 2021, med bakgrunn i K-sak 19/13 – Plan for utbygging av RA5 – Hallbjønnsekken reinseanlegg. Her kjem det ny sak til politisk handsaming, då utsleppspunkt for reinsanlegget må flytast og kostnadene som følgje av dette blir langt dyrare. Dette har kome fram i prosessen med førebuing av prosjektet.

I investeringsbudsjett blir det lagt inn midlar til vidare prosjektering, anbod m.m. i 2021 og resterande til utbygging i 2022.

**Oppgradering av sanitæranlegg bryggja:**

Det er behov for rehabilitering av dusj og toalett i sanitæranlegget på bryggja. Me vil kome attende til dette seinare, saman med evt vurdering av behov for dusj i sanitæranlegget på Tippen/ bubilparkeringa.

**Rehabilitering av VA – nettet:**

Det er laga ein plan for fleire år som gjeld rehabilitering av leidningsnettet. På grunn av andre, store prosjekt, føreslår me å utsetje eit år til, gjennomføre kameraovervåking og planlegge strekningar etter det. Tidlegare er det sett av midlar år for kvart år.

**Låsesystem:**

På grunn av nye reglar om personvern, GDPR, er nye låsesystem for kommunale tenestebygg høgt prioritert. Planen var å gjennomføre på hesesenteret i 2020, men dette er utsett grunna korona-tiltak. Me må prioritere midlar til dette komande år, og vurdere kva bygg det kan praktisk sett kan gjennomførast på.

**Oppgradering av kommunale utleigeeiningar:**

Vedlikehaldsplanen legg opp til opprusting av utleigeeiningane til dagens standard. Mykje av bygningsmassa er frå slutten av 70-talet. I 2021 bør me prioritere opprusting av 3 leilegheiter, to aldersbustader og ein tenestebustad

**Bustadtomter Åmdals Verk**

Prosjektet 59 grader nord er etablert. Nye bustadtomter er eit av delprosjekta der det er søkt og løyvd noko eksterne midlar til. Prosjektleiar skal tilsetjast i haust. Investeringssummen må flytast til 2021 då det må gjerast planarbeid for nye tomter.

**Kommunale vegar**

Investeringsmidlar til opprusting av kommunale vegar er lagt inn budsjett og økonomiplan med bakgrunn i vegplan. Asfaltering Buøyvegen, masseutskifting og asfaltering Bakkenfeltet ligg inne for 2021. Nestestogvegen blei teke i samband med VA – prosjekt leidningsnett i 2019.

**Trafikksikring**

Investeringar som gjeld trafikksikringstiltak, er lagt inn som følgje av prioriteringar trafikksikringsplan.

Det er med bakgrunn i vedteken trafikksikringsplan, søkt om eksterne midlar frå TT-ordninga (tidlegare Aksjon skuleveg): Trafikksikringstiltak prosjekt 6783: Huvestadlia 500`, Skilt 125` og autovern 125`= totalsum 750` inkl mva, (søkt 60% støtte).

Gateljos til Åsland gateljos, lang Fv 405: Dersom fylket prioriterar tiltaket, må kommunen bidraget med 20%. Me er i dialog om dette, men tiltaket er truleg for tidleg for 2021 i høve til planlegging.

**Enøk – tiltak kommunale bygg**

Det er stadig problem med ventilasjonsanlegget på kommunehuset. Anlegget er så gamalt at me ikkje får tak i nye delar, dersom det havarerer. Me meiner at nytt styringssystem for ventilasjonsanlegget må prioriterast tidleg i 2021 og deretter styringssystem på straum. Potensiale for straumsparing ved installering av styringssystem, syner etter vurderingar me har henta inn at kommunehus, skular og helsesenter å vere inntil 30%. Me meiner styringssystem må prioriterast av enøk-prosjekt komande år. Nærare utgreiingar og søknader om eksterne midlar må jobbast vidare med, men tiltak må startast opp på kommunehus i 2021.

**Ny vasskjelde Høydalsmo**

Etter mange år med testing/ boring etter ny vasskjelde på grunn av høgt manganinnhald, må me prøve å lande på ei permanent løysing som gjev auka kapasitet og naudsynt vassbehandling. Stipulert investering er på 3,0 mill og bør gjennomførast i 2021 - 2022.

**Garderobeanlegg – kommuneverkstad**

Tiltaket har vore påpeika i fleire år av vernetenesta. Det gjeng nå føre ein prosess med bedriftshelsetenesta og tiltaket må igjen utsetjast eit år for å planlegge løysingar.

**Ny betong – flytebryggje i Lårdal**

Tiltaket må prioriterast i løpet av få år. Det blir jobba med å få til ekstern finansiering, i samarbeid med båtlaget.

**Steinmolo Dalen bryggje evt erstatning med betong-flytebryggje**

Har blitt jobba med alternativ i fleire år. Tiltak ligg inne midlar i investeringsbudsjettet for 2021 og 2022. Me ynskjer å bruke 2021 til å samarbeide med båtlaga både på Dalen og i Lårdal med tanke på å få inn eksterne midlar på dei to bryggje-prosjekta. Regionalparken er samarbeidspart i dette arbeidet.

**Fortsterka omsorgsbustad**

Det er behov for utgreiing kring plassering og økonomi.

## 8.4 Mål i handlingsprogramperioden

| Handlingsprogram - Planområde 4 - PNT | | | |
|---|---|---|---|
| **Mål nr.** | **Utfordring og tiltak** | **Mål** | **Prioritering** |
| 8.4.1 | Oppstart av ny reguleringsplan Dalen og Høydalsmo. Igangsetje prosessar ved anbod evt innleige av ressursar. | Leggje til rette attraktive areal for bustadbygging, stadsutvikling og næring. | Må prioritere midlar i investeringsbudsjett. |
| 8.4.2 | Sentrumsutvikling og miljøtiltak på Dalen. Vurdere samarbeid med aktuelle aktørar kring etablering av ladestasjon. Gjennomføre forprosjekt for sykkelbygda. | Fremje attraktivitet, infrastruktur og profilering av Dalen som sentrum. | Eigeninnsats, samarbeid med akørar samt søkje eksterne midlar. |
| 8.4.3 | Aktiv satsing på landbruket i heile kommunen. Profilere satsingar i landbruksplan. | Oppretthalde og helst auke aktivteten i landbruket og busetjinga på gardsbruk. | Samarbeid med næringa og aktiv deltaking i regionale prosjekt kring småbruk og lokalmat. |
| 8.4.4 | Støtte opp om lokale utviklingsprosjekt og initiativ frå lag- og foreiningar. | Fremje attraktivitet, trivsel og busetjing i heile kommunen. | Aktivt samarbeid for å fremje frivilligheit og utløyse eksterne midlar. |
| 8.4.5 | Samarbeidet med reiselivsaktørane på Hallbjønnsekken for å betre profilering og utvikle sommarturismen i området. Vurdere plass for bubilparkerig. | Utvikle Hallbjønnsekken som satsingsområde for reiselivet. | Eigeninnsats/ samarbeide med aktørar om skilting og informasjon. |
| 8.4.6 | Fornye maskinpark og utstyr på tekniske avdelingar for å fremje effektiv ressursbruk, trivsel og god beredskap. | Utvikle gode og framtidsretta tenestar med eit effektivt driftsapparat. | Følgje opp vedteken maskinplan og byggje vidare på den i åra som kjem. |
| 8.4.7 | ENØK – tiltak på bygg, god utnytting av ressursar ved å gjere mest mogleg prosjekt i eigenregi. | Miljøtiltak, stabilisere/ redusere driftsbudsjett på tekniske avdelingar. | Fornye utstyr og anegg, bruke ressursane godt på tvers av område og prosjekt. |

# 9 Kommunale avgifter og brukarbetaling

Tokke har på mange område låge avgifter og brukarbetalingssatsar, men dekningsgraden på vatn- og kloakk var på 94% i 2019. Det er grunn til å tru at det blir overdekning i 2020.

## 9.1 Vatn, avløp og renovasjon

Budsjettframlegget inneber fylgjande:

Vass- og kloakkavgiftene blir auka med 1,4% i 2021, som deflatoren på lønsbudsjettet. Avgifter for septiktøming og renovasjon fylgjer vedtaket i representantskapet i Renovest IKS. Det er rekna med full dekningsgrad i tråd med selskapsavtala.

## 9.2 Andre avgifter og brukarbetalingar

Feiing - brannsyn

Avgifta fylgjer vedtak i representantskapet i Vest-Telemark Brannvesen IKS og byggjer på full dekningsgrad.

Husleiger

For dei fleste kommunale bustadene blir satsane auka med konsumprisindeksen. Ved nye leigekontraktar vert det bare ein utleigepris, eventuelt subsidiering av husleige skal avtalast i arbeidskontrakt.

**Pleie- og omsorg**

Eigenbetalingane på heimetenester aukar med inntil 3 %. Prisane på mat frå kjøkkenet blir auka med inntil 3%. Betalingssatsar som er avhengig av statlege og andre retningsliner blir justert til det som lovverket gjev høve til.

**Skule og barnehage**

Satsane for grupper i kulturskulen for dei over 18 år blir auka med 1,4%, satsane blir elles ikkje auka i 2021. Me ligg framleis noko høgare i brukarbetaling enn dei andre kommunane i Vest-Telemark.

Satsane for barnehagebetaling vert endra i tråd med dei statlege føringane. Maksprisen er i statsbudsjettet auka med kr 95 til kr 3 230 (3 %) frå 01.01.21.
For skule-/fritidsordninga blir satsane ikkje auka.

**Plan, næring og teknisk etat**

Det er underdekning på byggesaksgebyr, oppmålingsgebyr og plangebyr. Det blir lagt opp til ca 1,4% auke i 2021. Det er eit mål om **40%** dekningsgrad på lenger sikt, dekningsgrad i 2019 var på mellom 25 og 30%.

# 10 Fond og gjeld

**Fond**

Disposisjonsfonda minka mykje fram til 2017, men er tilført nye midlar i åra 2017-2019. I 2020 går fondet ned med kr 3,1 mill.

**Gjeld**

